
ÅRSMELDING 2021 FOR GULEN KOMMUNE



Godkjend av Gulen kommunestyre i K-sak 28/22, datert 12.05.22



Innhald

1. Politisk organisering	4
2. Administrativ organisering	5
3. Kommunedirektøren kommenterer 2021	6
4. Økonomistatus	7
Hovudoversyn drift	7
Driftsinntektene.....	7
Driftsutgiftene.....	8
Finanspostane	9
Økonomisk resultat.....	9
Brutto driftsresultat.....	10
Netto driftsresultat.....	10
Økonomiske utviklingstrekk for tenestoområda.....	11
Driftsutgiftene fordelt på rammeområde	11
Kommentarar til avvik i høve til budsjett 2021	11
Utviklinga i utgifter frå 2020 til 2021	12
Status for driftstiltaka 2021	13
Investeringsrekneskapen	13
Balanserekneskapen.....	14
Finansielle måltal - status.....	14
Utvikling i netto driftsresultat	15
Utvikling i gjeldsgrad	15
Utvikling i disposisjonsfond.....	16
KOSTRA-samanlikningar	16
Kommunebarometeret - kvalitetsmåling	17
5. Personalstatus	17
Godkjende stillingar	17
Sjukefråvær	18
Samarbeid med fagorganisasjonane	18
Kompetanseutvikling	18
Helse, miljø og tryggleik (HMT)	18
Diskriminering og likestilling.....	19
Internkontroll.....	19
Etisk standard	19
6. Administrasjon, politikk og samfunn	20
Sentraladministrasjonen med fellestenestene.....	20
Politikk	21
Samfunnsutvikling.....	21
Kultur	22
Gulatinget.....	23



7.	Oppvekst.....	24
	Skule.....	24
	Spesialundervisning	25
	Kvalitet (frå kvalitetsmeldinga hausten 2021).....	25
	Grunnskulepoeng.....	26
	Skulefritidsordning (SFO).....	26
	Barnehagar	26
	Musikk- og kulturskulen	26
	Barnevern (Gulen og Masfjorden barnevernteneste).....	27
8.	Omsorg	28
	Gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren	28
	Status for handlingsplanen pr 31.12.21.....	29
	Pleie og omsorg.....	29
	Pleie i institusjon	30
	Open omsorg.....	31
	Kommunale bustader (PU-tenesta).....	31
	Helsetenestene	31
	NAV (NAV Fensfjorden)	32
9.	Plan, landbruk og teknisk	34
	Planlegging.....	34
	Byggesaker	34
	Utsleppsløype sanitært avløpsvatn.....	35
	Kart og oppmåling.....	35
	Landbruksforvaltning.....	35
	Jordbruk.....	35
	Skogbruk.....	35
	Viltforvaltning.....	36
	Veterinærtjenester	36
	Brann- og feiarvesen.....	36
10.	Eigedomsforvaltning	37
	Vatn, avløp og renovasjon (VAR).....	37
	Bygg.....	37
	Vegar, kaier og uteanlegg.....	38
	Utbyggingsprosjekt og andre investeringar	38





1. Politisk organisering

Kommunestyret:

Senterpartiet (9): Hallvard Hallstein Oppedal (ordfører), Rolf Daniel Midtun, Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Lars Magnus Neverdal, Johnny Leidvin Langvatn, Nils Inge Ynnesdal, Beate Haugland, Jon Ivar Steine

Høgre (opphaveleg 6, men 5 frå 17.12.19): Ivar Eide, Stein-Inge Larsen (uavhengig frå 17.12.19), Kristin Mjanger, Øyvind Bøe, Trond Ove Høie, Kristin Kvamme Rasch

Arbeidarpartiet (4): Bjarte Undertun, Margrethe Thune Trædal, Odd Harald Per Eide (varaordfører), Anne Marit Brekken Oppedal

Kristeleg Folkeparti (1): Ingolf Wergeland

Venstre (1): Aslak Kjetil Nyhammer

Formannskapet:

Hallvard H. Oppedal (Sp), Kristin Margrete Byrknes (Sp), Ivar Eide (H), Odd Harald Eide (Ap), Ingolf Wergeland (KRF/V)

Hovudutvala:

Plan, utvikling og klima: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Bjarte Undertun (Ap, nestleiar), Beate Haugland (Sp), Anne Marit Brekken Oppedal (Ap), Trond Ove Høie (H)

Omsorg: Johnny Leidvin Langvatn (Sp, leiar), June Glenjen Omdahl (Ap, nestleiar), Rolf Daniel Midtun (Sp), Lars Magnus Neverdal (Sp), Kristin Mjanger (H)

Oppvekst: Margrethe Thune Trædal (Ap, leiar), Severin Slettebø Rokne (Ap), Nils Inge Ynnesdal (Sp, nestleiar), Veslemøy Dingen (V), Kristin Kvamme Rasch (H)


Kontrollutvalet:

Stein Inge Larsen (H, leiar), Daniel Olai Larsen (Uavhengig, nestleiar), Jon Ivar Steine (Sp), Torill Tveit Sætre (H), Kari Bøe (H)





2. Administrativ organisering



3. Kommunedirektøren kommenterer 2021

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk, og er eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument. Årsmeldinga viser at kommunen har høg aktivitet og eit breitt fokus i sitt virke. Folkevalde og tilsette har alle ei viktig rolle i Gulen kommune sitt samfunnsoppdrag – yte gode tenester og med det sikre at Gulen er ein god og trygg kommune å bu i.

Året 2021 har vore eit krevande år. Til liks med 2020 har Covid-19 pandemien sett sitt preg på heile samfunnet og på fleire måtar påverka kommunen sitt arbeid. Kriseleiing, nasjonale og regionale føringar, varierende smitteverntiltak, vaksinerings, vikarmangel, nettbasert læring og digital møtevirksomheit har i store deler av året prega kommunen sin aktivitet.

Samfunnet er i endring. Det er viktig at Gulen kommune har *bærekraftig utvikling* som eit gjennomgåande, overordna mål. I 2021 har både administrativt og politisk nivå arbeidd med revisjon av kommunen sin samfunnsplan. Gjennom heile året er det jobba med å samle kunnskap, både innhenting av statistikkmateriale for nærare analyse og folkemøte/undersøkingar. Ny samfunnsplan skal ta omsyn til det me finn som utfordringar for samfunnsutviklinga i kommunen og legge til rette for at me kan ta gode strategiske val for perioden 2022-2034. Arealplanen er også under revisjon.

Gulen kommune hadde i 2021 eit netto driftsresultat på kr 14,6 mill. (mot kr 38,3 mill. året før). Det er ikkje noko mål i seg sjølv at kommunen skal gå med overskot, vi er likevel avhengig at eit visst slingringsmonn for å sikre at vi har noko i bakhand dersom det skjer uføresette ting. På mange måtar kan kommuneøkonomien samanliknast med ein privatøkonomi. Viktig med god planlegging og fornuftig bruk av midlar. Det er interessant å analysere kommunen sin økonomi på ein slik måte at ein ser på korleis korleis dei «vanlege» utgiftene er i høve til dei «vanlege» inntektene. Då vert sterkt varierende inntekstpostar og utgiftspostar trekt ut. Vurderer me kommunen sin økonomi på den måten går kommunen si drift med kr 1,5 mill. i pluss. Det er under tilrådd driftsmargin.

På investeringssida har det m.a. vore prioritert uteområde på barnehagar, gang- og sykkelveg, oppgradering kommunale vegar, avløpssanering, vassforsyningstiltak, grindbygg, ventilasjon, varmpumper og SD-anlegg. Planlegging av to store prosjekt, Ambulansestasjon Dalsøyra og Bustadfelt Ortneset hadde god framdrift i 2021.

Underteikna hadde permisjon størstedelen av året. I mitt fråvær vart kommunen leia med stødig hand av Irene Søreide.

Takk for innsatsen i 2021 til politisk nivå, tilsette, tillitsvalde, næringslivet og frivillig sektor.

Gulen, 31. mars 2022

Reidun K. Halland
Kommunedirektør



4. Økonomistatus

Hovudoversyn drift

Det er eit grunnleggjande krav til ein kommune at økonomien skal forvaltast slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid (jf. kommunelova § 14-1). Gulen kommune har dei siste åra hatt positive driftsresultat, som har gjort det mogleg å setje av midlar til ubundne fond og delfinansiere investeringar med eigenkapital. Samandraget under gjev eit hovudoversyn over drifta dei siste fem åra:

Økonomisk oversikt drift - samandrag (alle tal i kr)	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Justert buds. 2021	Budsjettavvik 2021
Sum driftsinntekter	252 122 898	305 435 307	311 514 864	330 647 993	325 640 732	306 370 897	19 269 835
Sum driftsutgifter	259 447 949	270 608 413	292 332 026	294 386 808	314 586 354	306 503 702	8 082 652
Brutto driftsresultat	-7 325 051	34 826 894	19 182 838	36 261 185	11 054 378	-132 805	11 187 183
Resultat finanspostar	-6 426 468	-7 362 654	-7 243 534	-6 907 199	-7 147 060	-7 321 400	174 340
Motpost avskrivningar	6 535 253	7 353 866	9 051 918	8 976 683	10 682 786	10 683 150	-364
Netto driftsresultat	-7 216 266	34 818 106	20 991 222	38 330 669	14 590 103	3 228 945	11 361 158

Nærare spesifisering av dei ulike kategoriene over er nærare skildra i dei neste bolkanene, etter inndelinga i budsjett- og rekneskapsforskrifta § 5-6.

Driftsinntektene

Økonomisk oversikt drift - § 5-6, utdrag (alle tal i kr)	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Auke i % 2020-21	Justert buds. 2021	Budsjettavvik 2021
DRIFTSINTEKTER								
Rammeoverføringar	94 265 368	100 992 950	98 842 653	104 543 093	109 414 740	4,7 %	105 445 000	3 969 740
Inntekts- og formuesskatt	70 894 196	66 356 527	75 568 545	81 292 395	87 972 965	8,2 %	85 383 000	2 589 965
Eigedomsskatt	15 295 712	21 824 103	22 880 647	24 429 621	24 159 422	-1,1 %	24 200 000	-40 578
Andre skatteinntekter (konesjonsavgift)	367 130	367 130	369 614	387 869	413 432	6,6 %	369 700	43 732
Andre overføringar og tilskot frå staten	9 064 811	44 556 753	17 372 295	32 593 863	10 445 831	-68,0 %	10 996 100	-550 269
Overføringar og tilskot frå andre	37 010 624	45 409 143	69 245 949	61 592 421	64 048 458	4,0 %	49 159 611	14 888 847
Brukarbetalingar	9 120 520	9 377 725	9 362 655	8 332 888	8 971 411	7,7 %	8 886 071	85 340
Sals- og leigeinntekter	16 104 537	16 550 976	17 872 506	17 475 842	20 214 473	15,7 %	21 931 415	-1 716 942
Sum driftsinntekter	252 122 898	305 435 307	311 514 864	330 647 993	325 640 732	-1,5 %	306 370 897	19 269 835

Skatt og rammeoverføringar:

Dei største inntektspostane for kommunen er Rammeoverføringar og Inntekts- og formuesskatt, Desse inntektene vert fordelte mellom kommunane gjennom det nasjonale Inntektssystemet, som har som føremål å sikre eit likeverdig tilbod i alle kommunar. Skatt og rammeoverføringar utvikla seg slik i 2021:

- Rammeoverføringar auka med 4,7 % (kr 4,9 mill.), inkludert ekstra tilskot til ressurskrevjande brukarar (kr 3,0 mill.) og koronakompensasjon (kr 4,6 mill., mot kr 3,1 mill. i 2020).
- Skatteinntektene i Gulen auka med 8,2 % (kr 6,7 mill.), mot ein gjennomsnittleg auke på landsbasis på heile 16,0 %. Auke i kommunal skattøyre frå 11,10 % i 2020 til 12,15 % i 2021 forklarar mykje av auken.
- Skattenivået i Gulen utgjorde i 2021 106,5 % av landsgjennomsnittet. Nivået i Gulen har variert mykje dei siste fem åra, med 92,2 % av snittet i 2018 og 112,5 % i 2020 som ytterpunkt.
- Den høge skatteveksten på landsbasis i 2021 førte til vesentleg høgare samla inntekter gjennom inntektssystemet enn venta, og summen av rammeoverføringar og inntekts- og



formuesskatt auka med om lag 6,2 % (kr 11,6 mill.), som var om lag 3,4 % (kr 6,6 mill.) høgare enn budsjettet.

Andre driftsinntekter:

- Samla eigedomsskatt vart 1,1 % lågare (kr 0,3 mill.) i 2021 enn året før. Bortfall av 1/7 av «maskinskatten» og reduksjon som følgje av endring av sats for bustadeigedom frå 4,5 promille i 2020 til 4,0 promille i 2021 vart i stor grad, men ikkje heilt, kompensert med inntekt frå nye objekt.
- Andre statlege overføringar og tilskot minka med heile 68,0 % (kr 22,1 mill.) i 2021. Reduksjonen skuldast i hovudsak kr 19,9 mill. i lågare overføring frå det statlege Havbruksfondet (inntekt kr 8,9 mill. mot kr 28,8 mill. i 2020) og kr 2,1 mill. i lågare tilskot til flyktningar.
- Overføringar og tilskot frå andre auka med 4,0 % (kr 2,5 mill.) i 2021. Høgare mva.-kompensasjon forklarar halve auken, elles auka mva.-kompensasjon og statleg finansiering knytt til covid-19 og helsesatsingar noko frå året før. NORM-inntektene (Normally Occured Radioactive Material) vart kr 3,0 mill. lågare enn i 2020 (kr 11,2 mill. mot kr 14,2 mill. i 2020). I høve til justert budsjett var auken kr 14,9 mill., som hovudsakleg skuldast at budsjettreguleringar ikkje vart utført i tilstrekkeleg grad gjennom året, i tillegg til uventa høge inntekter som kom heilt i slutten av året. Meirinntektene som skuldast høgare Covid-19-tilskot (kr 2,0 mill.), sjukelønsrefusjon (kr 1,0 mill.) og mva.-kompensasjon (kr 3,2 mill.) enn lagt inn i budsjettet vert motsvar på utgiftssida når det gjeld tilskotsutbetaling, bruk av vikarar, betalt mva. og utgiftsauke.
- Brukarbetalingar hadde ein auke på 7,7 %, som var litt høgare enn justert budsjett.
- Sals- og leigeinntekter vart til saman 15,7 % høgare enn i 2020 (kr 2,7 mill.), i stor grad som følgje av rekordhøge kraftinntekter i 2021 (kr 3,4 mill.) etter heilt motsett situasjon i 2020. Inntektene på sjølvkostområda svikta noko i 2021, også i høve til budsjett.

Til saman vart driftsinntektene om lag 1,5 % (kr 5,0 mill.) lågare i 2021 enn året før, men 6,3 % (kr 19,3 mill.) høgare enn justert budsjett.

Driftsutgiftene

Økonomisk oversikt drift - § 5-6, utdrag (alle tal i kr)	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Auke i % 2020-21	Justert budsj. 2021	Budsjettavvik 2021
DRIFTSUTGIFTER								
Lønsumgifter	147 503 359	153 305 916	158 171 120	160 486 844	160 601 852	0,1 %	159 537 932	1 063 920
Sosiale utgifter	32 077 689	32 730 714	35 188 140	31 537 781	34 268 419	8,7 %	35 632 284	-1 363 865
Kjøp av varer og tenester	61 139 548	62 618 720	73 699 045	73 755 816	84 962 739	15,2 %	80 600 585	4 362 154
Overføringar og tilskot til andre	17 271 483	20 606 895	21 926 972	19 629 684	24 070 558	22,6 %	20 049 751	4 020 807
Avskrivningar	6 535 253	7 353 866	9 051 918	8 976 683	10 682 786	19,0 %	10 683 150	-364
Fordelte utgifter	-5 079 384	-6 007 697	-5 705 169	0	0		0	0
Sum driftsutgifter	259 447 949	270 608 413	292 332 026	294 386 808	314 586 354	6,9 %	306 503 702	8 082 652

- Lønsumgiftene auka med berre 0,1 % (kr 0,1 mill.) i 2021, som spegla at lønsoverhenget frå 2020 var om lag null, i tillegg til noko auka tenestekjøp i staden for bruk av eigne tilsette (reinhold og vikartenester). Avviket frå budsjett på 0,7 % må sjåast i samanheng med høgare sjukelønsrefusjon på inntektsida (under Overføringar og tilskot frå andre), som utlikna dette avviket.
- Sosiale utgifter (pensjonspremie og arbeidsgjevaravgift) vart 8,7 % (kr 2,7 mill.) høgare enn året før, i hovudsak på grunn av auka reguleringspremie knytt til pensjon. Utgiftsauken vart vesentleg dempa i høve til kva den elles ville vore, som følgje av vedtak om å bruke kr 5 mill. av frigjorte reserver i kommunen sitt premiefond hos KLP til betaling av premie i 2021.



- Kjøp av varer og tenester auka med 15,2 % (kr 11,2 mill.), og vart 5,4 % høgare enn budsjettet. Ein del av auken vart utlikna av høgare driftsinntekter enn budsjettet (under Overføringar og tilskot frå andre). Noko av utgiftsauken var knytt til koronakrisa, høgare kraftpris, auka bruk av vikarbyrå innafor Omsorg.
- Overføringar og tilskot til andre vart 22,6 % (kr 4,4 mill.) høgare enn i 2020. Posten kan variere mykje frå år til år. Overføring til Masfjorden kommune (NAV) utgjorde om lag halve auken i 2021.
- Avskrivningane auka med 19,0 % (kr 1,7 mill.), medan posten Fordelte utgifter utgjekk i 2020 etter endring av rekneskapsreglane. Elementa som tidlegare låg i denne posten har til dels ført til auka utgifter på utgiftspostene, og i nokon grad vore lagt inn som Sals- og leigeinntekter.

Samla auka driftsutgiftene med 6,9 % (kr 20,2 mill.) i 2021, og dette var 2,6 % (kr 8,1 mill.) høgare enn budsjettet. Mykje av avvika frå budsjett vart utlikna av driftsinntekter som ikkje var regulerte inn i budsjettet.

Finanspostane

Økonomisk oversikt drift - § 5-6, utdrag (alle tal i kr)	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Auke i % 2020-21	Justert budsj. 2021	Budsjettavvik 2021
FINANSINNTEKTER OG -UTGIFTER								
Renteinntekter	1 716 289	1 429 359	2 580 587	1 536 487	1 510 442	-1,7 %	980 000	530 442
Utbyte	1 371 019	1 452 823	2 090 412	2 270 712	2 839 340	25,0 %	2 770 000	69 340
Renteutgifter	2 424 884	2 625 605	3 530 457	2 330 322	1 912 766	-17,9 %	1 471 400	441 366
Avdrag på lån	7 088 892	7 619 231	8 384 076	8 384 076	9 584 076	14,3 %	9 600 000	-15 924
Resultat finanspostar	-6 426 468	-7 362 654	-7 243 534	-6 907 199	-7 147 060	3,5 %	-7 321 400	174 340

Lågt rentenivå i 2021 påverka både renteinntekter og -utgifter. Høgare innskot i høve til lån samanlikna med året før gjorde at netto renteutgifter gjekk ned frå om lag kr 0,8 mill. i 2020 til om lag kr 0,4 mill. i 2021. Budsjettavviket for Renteinntekter vart om lag utlikna av tilsvarande for Renteutgifter, men brutto endringar burde likevel vore budsjettregulert. Høgare utbyte frå BKK AS ga opp mot kr 0,6 mill. meir i utbyte enn året før. Avdraga auka med kr 1,2 mill.

Samla netto finansutgifter vart kr 7,1 mill. i 2021, mot kr 6,9 mill. året før.


Økonomisk resultat

Dei siste fire åra har Gulen kommune opplevd eit inntektsløft som følgje av overføringar frå Havbruksfond og NORM-kompensasjon inkl. etterbetaling. Som følgje av dette har også dei økonomiske resultatane vore høge desse åra, samanlikna med tidlegare.

Det økonomiske resultatet dei siste fem åra går fram av grafen under. Grafen syner standard brutto- og netto driftsresultat, i tillegg til eit resultatongrep, justert netto driftsresultat, som inneheld netto driftsresultat utan NORM-kompensasjon og det meste av overføringane frå Havbruksfondet (eit «basisnivå» rekna til kr 7 mill. årleg er trekt frå).

Resultata er sett i høve til Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) sin tilrådde driftsmargin på 1,75 % av brutto driftsinntekter, som svarar til om lag det same som eit resultat rundt 0 i privat sektor, og er ein god indikasjon på ein "sunn" kommuneøkonomi over tid. Tilrådd margin utgjer opp mot kr 5,7 mill., som er indikert med den stipla linja i oversynet. Resultata i Gulen kommune var over den tilrådde marginen i 2018-21.





Brutto driftsresultat

Brutto driftsresultat i 2021 vart kr 11 054 378. Det var budsjettert med eit resultat på -kr 132 085, og differansen skuldast i hovudsak høgare inntekter enn venta frå skatt/rammeoverføringar (kr 6,6 mill) og NORM-kompensasjon (kr 3,2 mill.).

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat, resultatet etter finanspostar, som gjev uttrykk for kommunen si evne til avsetjingar og eigenfinansiering av investeringstiltak, vart kr 14 590 103. Kr 5 576 751 av resultatet vart nytta til finansiering av investeringar, kr 9 857 187 vart avsett til disposisjonsfond, medan netto bruk av bundne fond utgjorde kr 843 834.

Justert netto driftsresultat

(alle tal i kr)	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Auke i % 2020-21	Justert budsj. 2021	Budsjettavvik 2021
Netto driftsresultat	-7 216 266	34 818 106	20 991 222	38 330 669	14 590 103	-61,9 %	3 228 945	11 361 158
Justeringsfaktorar*	-5 529 286	24 711 475	23 034 313	36 020 370	13 107 009			
Justert netto driftsresultat	-1 686 980	10 106 631	-2 043 091	2 310 299	1 483 094			

*Her er lagt inn utgifter til rettsleg avklaring om NORM-kompensasjon, veg til Skipavika, breibandsnett og nytaksering eigedomsskatt i 2017-19, inntekt frå Havbruksfondet i 2018-21 og inntekter frå NORM-kompensasjon i 2019-21. Årlege «basis»-overføringar frå havbruksfondet (kr 7 mill.) er i 2018-21 trekt ut att av justeringssummen.

Justert netto driftsresultat skal gje eit inntrykk av det økonomiske handlingsrommet med og utan enkeltpostar med stor variasjon frå år til år. Gulen kommune har i nokre år hatt enkeltpostar på inntektssida som varierer relativt mykje frå år til år, i første rekkje kompensasjon til Gulen kommune for lagring av NORM-avfall i Gulen industrihamn, og frå 2018 tildelingar frå det statlege Havbruksfondet, som for kommunen utgjorde om lag kr 36,2 mill. i 2018, kr 7,8 mill. i 2019 og kr 28,8 mill. i 2020. I årsmeldinga har difor netto driftsresultat vore korrigert for desse postene i eit eige resultatomgrep (Justert netto driftsresultat) slik at ein ser korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" årlege inntektene. Enkelte ekstraordinære utgifter er òg korrigert for, i første rekkje tilskot til veg Skipavika (2017-18) og tilskot til utbygging av breiband (2018-21), og noko av overføringane frå havbruksfondet (kr 7 mill.) er trekt ut av justeringssummen, då desse etter stortingsvedtaket i juni 2020 om framtidig fordeling av inntektene i havbruksfondet må kunne reknast som sikker årleg «basisinntekt» for Gulen kommune.

Det kan og vere nyttig å sjå netto driftsresultat 2018-21 opp mot heile summen av NORM- og havbruksinntektene desse åra (kr 36,2 mill. i 2018, kr 32,1 mill. i 2019, kr 43,0 mill. i 2020 og kr 20,1 mill. i 2021) – då ville driftsresultatet vore negativt med høvesvis kr 1,4 mill. i 2018, kr 11,1 mill. i 2019, kr 4,7 mill. i 2020 og kr 5,5 mill. i 2021.



Økonomiske utviklingstrekk for tenesteområda

Driftsutgiftene fordelt på rammeområde

Kommunestyret vedtek budsjettet som ei fordeling av løyvingar mellom fire rammeområde. Tabellen under syner driftsutgifter fordelt på rammeområda:

Rammeområde	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Revidert budsjett 2021	Avvik	Avvik (%)
1xx Ymse føremål	31 783 907	32 826 585	35 222 028	-2 395 443	-6,8 %
2xx Oppvekst	63 865 791	67 497 615	69 132 441	-1 634 826	-2,4 %
3xx Omsorg	96 008 700	108 076 076	104 230 028	3 846 048	3,7 %
4xx Plan, landbruk og teknisk/Eigedomsforvaltn.	33 036 472	40 396 921	37 059 954	3 336 967	9,0 %
Sum	224 694 870	248 797 197	245 644 451	3 152 746	1,3 %

Fordelinga mellom rammeområda er resultat av underliggjande budsjett for ulike tenesteeiningar innafor kvart område. Administrasjonen har fullmakt til å endre desse budsjetta innafor avsett hovudramme og i tråd med premiss for løyvingane. Slik var driftsutgiftene 2021 fordelt på tenesteeiningane:

Tenesteeiningar	Rekneskap 2017	Rekneskap 2018	Rekneskap 2019	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Revidert budsjett 2021	Avvik i kroner	Avvik i %
100 Ymse føremål	29 127 367	29 396 932	30 781 448	31 783 907	32 826 585	35 222 028	-2 395 443	-6,8 %
200 Oppvekst	3 738 648	3 260 141	5 605 101	5 022 588	5 228 030	5 537 463	-309 433	-5,6 %
211 Brekke barnehage og skule	12 277 388	12 526 393	13 062 330	13 184 219	13 962 045	13 810 415	151 630	1,1 %
212 Byrknes barnehage og skule	9 628 371	9 332 291	10 346 572	10 443 312	11 940 754	12 291 704	-350 950	-2,9 %
213 Dalsøyra barnehage og skule	13 012 713	13 937 495	15 312 101	14 849 688	15 247 433	16 239 198	-991 765	-6,1 %
214 Eivindvik barnehage og skule	16 652 546	18 033 693	18 426 626	17 748 479	18 208 662	17 599 584	609 078	3,5 %
260 Barnevern (360 t.o.m. 2020)	2 024 159	2 065 339	2 275 107	2 617 505	2 910 691	3 654 077	-743 386	-20,3 %
300 Omsorg	13 994 519	13 946 302	11 908 160	11 840 637	12 014 198	12 460 831	-446 633	-3,6 %
310 Helse	10 636 598	10 116 649	11 616 673	12 466 415	15 453 909	15 584 669	-130 760	-0,8 %
371 Eivindvik sone – Gulen	29 141 798	29 059 942	28 477 919	26 996 587	30 792 715	30 890 266	-97 551	-0,3 %
376 PU-tenesta	15 454 862	15 862 347	18 449 746	21 416 719	22 731 814	20 589 473	2 142 341	10,4 %
377 Brekke, Byrknes og Dalsøyra	19 212 947	21 270 872	23 840 730	23 288 342	27 083 440	24 704 789	2 378 651	9,6 %
400 Plan, teknisk og landbruk	23 764 908	13 954 889	6 749 023	8 564 589	10 700 950	9 048 001	1 652 949	18,3 %
450 Eigedomsforvaltning		15 174 743	27 471 152	24 471 883	29 695 971	28 011 953	1 684 018	6,0 %
Sum driftsutgifter	198 666 824	207 938 028	224 322 688	224 694 870	248 797 197	245 644 451	3 152 746	1,3 %

På grunn av koronakrisa oppsto det også i 2021 langt fleire endringar knytt til dei økonomiske tilhøva enn eit normalår, til dømes vart ulike tilskotsordningar oppretta, lønsutviklinga vart annleis enn budsjettert, det vart lågare utgifter til reiser og meir helse-, vikar-, reinhalds- og smittevernrelaterte utgifter, og det vart nokre endringar knytt til kva tiltak som måtte prioriterast høgast for gjennomføring i situasjonar med særskilde restriksjonar.

Generelt kan ein seie at budsjettreguleringar skulle vore gjort i endå større grad enn det som vart gjort, men desse oppgåvene konkurrerte med endå viktigare gjeremål knytt til smittesituasjonen. Budsjettavvika vart noko større enn i eit normalår, men vart meir enn oppvegd av høgare inntekter enn budsjettert, som kunne redusert nokre av avvika om dei hadde vore regulert ut på tenesteeiningane (gjeld særskild kompensasjon for meirutgifter knytt til koronasituasjonen).

Kommentarar til avvik i høve til driftsrammer 2021

Til saman var meirforbruket på kr 3,2 mill. Dette utgjorde 1,3 % av samla utgiftsramme, og svarte om lag til auken i driftsinntektene som følgje av tilført koronakrisekompensasjon frå staten. Netto driftsramme vart oppregulert med kr 11,6 mill. gjennom året, frå kr 234 mill. i opphavelag budsjett til kr 245,6 mill. i revidert budsjett, av dette om lag kr 6,4 mill. til omsorgstenestene. Seks av



resultateiningane hadde meirforbruk, medan ti hadde mindreforbruk i høve til budsjetteramma. Nokre av avvika vert kommenterte særskilt under:

- 1xx Ymse føremål: På ansvar 100 vart brukt kr 2,4 mill. (6,8 %) mindre enn budsjettert. Unyttta løyvingar utgjorde om lag kr 1,0 mill. av dette, elles var mindreforbruket spreidd på mange postar på mange ulike tenester og hang i vesentleg grad saman med redusert aktivitet på grunn av koronasituasjonen og vakansar.
- 2xx Oppvekst: Mindreforbruket vart samla 2,4 % (kr 1,6 mill.). Budsjettavvika varierte mellom 20,3 % mindreforbruk (260 Barnevern) og 3,4 % meirforbruk (214 Eivindvik barnehage og skule) i høve til ramma.
- 3xx Omsorg: Meirforbruket i høve til revidert budsjett vart samla kr 3,8 mill. (3,7 %). Ei gjennomgåande hovudforklaring på meirforbruket er driftsutfordringar knytt til koronakrisa på grunn av restriksjonar, sjukefråvær og anna. Krisesituasjonen som sto på gjennom heile året gjorde det òg vanskeleg å gjennomføre dei planlagte innsparingstiltaka. 376 PU-tenesta og 377 Sone BBD hadde meirforbruk på høvesvis kr 2,2 mill. (10,4 %) og kr 2,3 mill. (9,6 %) av ramma, i hovudsak som følgje av høgt arbeidskraftbehov. Sone BBD måtte nytte vikarbyrå i større grad enn vanleg.
- 4xx Plan, landbruk og teknisk/Eigedomsforvaltning: Eit samla avvik på kr 3,3 mill. (18,3 %) inneheld fleire element: 400 PLT hadde meirforbruk på kr 1,6 mill., av dette kr 1,3 mill. (42,8 %) knytt til brann- og redningsvesen. På 450 Eigedomsforvaltning vart meirforbruket om lag kr 1,7 mill. Hovudforklaring var kr 1,2 mill. i underdekning på sjølvkosttenesta Vassforsyning, som følgje av at høge investeringar dei siste åra har auka dei årlege driftsutgiftene, samstundes som inntektene frå større næringsabonnentar har gått ned både i 2020 og 2021. Meirforbruket for vintervedlikehald vart kr 0,8 mill. etter ein nedbørrik vinter 2020/21, og straumforbruket vart kr 0,5 mill. høgare enn budsjett etter lite nedbør og rekordhøge kraftprisar hausten-21.

Utviklinga i driftsutgifter frå 2020 til 2021

Nettoutgiftene for rammeområda samla auka med kr 21,0 mill. i 2021 (10,7 %), etter berre kr 372 182 i auke i 2020 (0,0 %).

- 1xx Ymse føremål hadde om lag kr 1 mill. (3,1 %) høgare utgifter enn året før. Utgifter til fiberbreiband auka med kr 1,3 mill. og kjøp av eksterne tenester, som delvis vart finansiert med innsparte lønsmidlar, utgjorde kr 0,7 mill. meir enn året før. Oppstartstilskot til Berinvest AS utgjorde kr 1,4 mill. i 2020, og gav såleis tilsvarende utgiftsreduksjon i 2021.
- 2xx Oppvekst hadde om lag kr 3,6 mill. (5,7 %) høgare utgifter enn året før. 212 Byrknes barnehage og skule hadde størst auke etter høgare tal barnehageborn.
- 3xx Omsorg hadde kr 12,0 mill. (12,5 %) høgare utgifter enn året før, etter ei relativt låg auke året før (1,9 %). Høgast auke hadde 310 Helse, med opp mot kr 3,0 mill. (24,0 %) auke, i stor grad som følgje av nye satsingar og auka utgifter knytt til koronakrisa. 371 Eivindvik sone med Gulen sjukeheim og 377 Sone BBD hadde auke på høvesvis kr 3,0 mill. (14,1 %) og kr 3,8 mill. (16,3 %) etter eit 2020 med unormalt låge utgifter - den årlege snittauken frå 2019 til 2021 syner ei meir moderat auke, høvesvis 4,0 % for 371 og 6,8 % for 377. 376 PU-tenestene hadde auke på kr 1,3 mill. (6,1 %) i 2021.
- 4xx Plan, landbruk og teknisk/Eigedomsforvaltning hadde ein auke på kr 7,3 mill. (22,3 %). Kr 2,1 mill. av desse var på 400 PLT, og skuldast hovudsakleg lågare netto inndecking for gebyrbelagte tenester enn året før (kr 1,0 mill.) og utbetalingar knytt til innføring av tilskot til landbrukssatsing (kr 0,8 mill.). Auken på kr 5,2 mill. på 450 Eigedomsforvaltning var knytt til høgare drifts- og vedlikehaldsutgifter ved bygga enn året før (kr 4,8 mill.), mellom anna høgare straum- og reinhaldsutgifter, og til auka utgifter til vintervedlikehald.



Status for driftstiltaka 2021

Driftsbudsjettet for 2021 inneheld nye satsingar og kostnadsreducerande tiltak, som har vore rapportert om i tertialrapportane. Status pr 31.12. var slik:

Tiltaksnr.	Tiltak	Sum (kr)	Kommentar
100-20-007	Avlevering av eldre arkivmateriale	200 000	Avlevering utsett til 2024 på grunn av for lite arkivkapasitet
100-21-001	Breiband Fiber 2	2 676 500	I stor grad ferdigstilt i 2021, fullføring i 2022
100-21-002	Tenestekjøp overordna leing	100 000	Gjennomført, prosjektet vart utvida
100-21-003	Kompetanseutvikling	300 000	Delvis gjennomført, overføring av restmidlar til 2022 aktuelt
300-21-001	20 % stilling Husbanken	119 000	Stillingsressurs lagt til økonomiavdelinga
100-21-005	Kommunale kulturtiltak	50 000	Delvis gjennomført, overføring av restmidlar til 2022 aktuelt
100-21-007	Statleg overtaking tilskot til trus-	-230 000	Innsparing som planlagt
100-21-010	Innsparing, 3 %	-300 000	Innsparing lagt til ekstraløyvingar formannskapet og etableringstilskot
200-20-001	Reduserte utg. flykningar	-615 000	Gjennomført
200-20-002	Driftsomlegging oppvekst	-1 659 093	Regulert til einingane
200-21-002	Logopedstilling (ca 20%)	100 000	Interkommunal stilling oppretta, tilsetting gjennomført
211-20-004	Lyddemping himling	25 000	Gjennomført sommar-21
211-21-003	Garberobeinnredning	50 000	Gjennomført haust-21
212-20-001	Auka bemanning ny avdeling Byrknes bhg	451 100	Gjennomført frå august
212-20-003	Spesialundervisning i bhg	34 400	Gjennomført vår-21
214-21-005	Nye sløydbenkar 4 stk	24 000	Gjennomført i juni
300-21-001	Reduserte utgifter flykningar 30%	-250 000	Gjennomført
300-21-002	Innsparing ansvar 300 (omsorg)	-550 000	Budsjettregulert til 371 og 377
300-21-003	Innsparing (Helse kompensert innsats)	-500 500	Budsjettregulert til 371 og 377
310-21-001	Fast auke helsesekretær 2x 20 %	264 334	Gjennomført frå januar
310-21-002	Fast helsesjukepleiarstilling	533 790	Gjennomført frå april
310-21-005	Utstyr til legetenesta	85 000	Gjennomført – hjartestartar, blodprøvestol osb.
310-21-007	Oppretthalde helsesjpl.	178 425	Gjennomført, vidareføring av 30 % stilling
310-21-008	LIS1 (turnuslege)	257 726	Fått tildelt LIS1 frå september
310-21-009	Sparetiltak 2021 (3%)	-550 000	Ikkje gjennomført – kommunestyret ynskta ikkje tiltaka
371-21-03	Aktivitetdosetten	30 000	Gjennomført, individretta «Leve heile livet»-tiltak
371-21-04	Sparetiltak	-921 734	Prosess oppstarta, men ikkje i mål
376-21-001	Auka sekretærstilling	124 300	Gjennomført, auke med 20 % stilling
376-21-003	Innsparing knytt til brukar	-528 600	Ikkje gjennomført, tilhøva låg ikkje til rette. Vert arbeidd vidare med.
376-21-004	Innsparing køyregodtgjersle	-40 000	Delvis gjennomført
377-21-003	Medisinovgn	25 000	Gjennomført 1. tertial
377-21-001	3 % innsparing	-726 919	Ikkje gjennomført på grunn av auka hjelpebehov
400-20-002	Førebu reg.plan FV57 gjennom Gulen	400 000	Løyving fjerna etter dialog med fylket om vegplan
400-20-003	Marine grunnkart, jf k-sak 35/19	168 000	Gjennomføring som planlagt, framhald i 2022
400-21-002	Oppdatering matrikkel	100 000	Prosjekt starta opp og held fram i 2022
400-21-001	Innsparing PLT	-220 000	Har vore arbeidd aktivt med, men utan netto innsparing i 2021
450-20-001	Vedlikehald av FDV dokumentasjon	100 000	Gjennomført ved bruk av egne timar
450-20-013	Auka vedlikehald komm.kaier	500 000	Avklart i k-sak – Grima kai, prestekaia Mjømna og Klauneset kai ferdige
450-21-004	Leige ut dagens barnehage Byrknes	-96 000	Tiltak oppstarta
450-21-005	Ekstra veglys	500 000	Gjennomført, søknadsrunde veglyslag i juni

Investeringsrekneskapen

Samla investeringar i varige driftsmidlar i 2021 vart kr 15,5 mill., mot budsjettert kr 32,0 mill. Utgiftene vart lågare enn budsjettert til Oppgradering vegar (kr 8,1 mill., som i hovudsak skuldast ei feilbudsjettering på kr 6,8 mill.), Avløpssanering Søre Byrknes (kr 5,2 mil.) og ei rekkje mindre prosjekt. Mange av desse investeringane pågår utover i 2022.

Planlegginga av dei to største prosjekta frå opphavelig investeringsbudsjett for 2021, Ambulansestasjon Dalsøyra og Bustadfelt Ortneset, hadde god framdrift i 2021, men løyvingane vart i stor grad flytta til 2022 som følgje av at hovudtyngda av investeringane vil skje dette året.



Investeringsprosjektet med høgast utgifter var nytt ventilasjonsanlegg ved Byrknes skule (kr 2,2 mill), elles hadde desse andre prosjekta utgifter over kr 1 mill.: Oppgradering av kommunale vegar (kr 2,0 mill.), brannsikring, enøk og oppgradering bygg (kr 1,3 mill.), gang- og sykkelveg på Byrknes (kr 1,1 mill.), ventilasjonsanlegg ved Gulen sjukeheim (kr 1,0 mill.), avløpssanering i Eivindvik (kr 1,0 mill.) og investeringstiltak på Gulen sjukeheim (kr 1,0 mill.).

Andre investeringsprosjekt i 2021	
Ymse IKT-tiltak	Brekke bu- og omsorgssenter - varmpumpe
To bilar; ein til sone BBD og ein til Helse	Sentrumsutvikling Eivindvik - planlegging
Byrknes barnehage og skule - uteområde	Symjeanlegg - planlegging
Eivindvik barnehage og skule - uteområde	Gang- og sykkelveg Dalsøyra
Bustadfelt Ortneset	Ombygging legekantor Eivindvik
Ambulansestasjon Dalsøyra	Gulatinget - grindbygg
Avløpssanering Byrknes	Vassforsyningstiltak Ånneland og Eivindvik
Gulen sjukeheim - hjelpemiddelsentral og solskjerming	Omsorgsbustader Dalsøyra - SD-anlegg

I tillegg til investering i egne varige driftsmidlar ligg tilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd sine investeringar (kr 0,15 mill.), kjøp av aksjar og andelar (Berinvest AS og KLP, kr 0,7 mill.) og utlån og forskotteringar (Berinvest AS og Sandøy grendelag, kr 0,56 mill.) på utgiftssida, slik at investeringsutgiftene samla vart kr 16,9 mill. Bruk av lån finansierte om lag kr 6,2 mill. av utgiftene, overføring frå drifta utgjorde kr 5,6 mill. og meirverdiavgiftskompensasjon kr 2,6 mill., medan resten vart finansiert med netto tilbakebetaling av lån og forskotteringar (kr 1,0 mill.), tilskot frå andre (kr 0,8 mill.), bruk av investeringsfond (kr 0,4 mill.) og inntekt frå sal av kommunale tomter (kr 0,3 mill.).

Balanserekneskapan

Endringane i balansen var relativt avgrensa i 2021, i hovudsak som følgje av uvanleg små endringar i kommunen sine framtidige pensjonsplikter. I 2021 utgjorde pliktene kr 348,5 mill., som var kr 4,0 mill. mindre enn året før. Dei utrekna pensjonsmidlane (kommunen sine «sparepengar» i pensjonskassene, som skal nyttast til å innfri pliktene) vart kr 3,1 mill. lågare i 2021, og pensjonsmidlane er med dette om lag på tilsvarande nivå som pensjonspliktene.

Eigenkapitalen auka med kr 17,6 mill. til kr 328,5 mill., i hovudsak som følgje av auke på kr 9,0 mill. i driftsfonda. Disposisjonsfondet auka frå kr 101,9 mill. pr 31.12.20 til kr 111,8 mill. pr 31.12.21. Gulen kommune hadde i meldingsåret ei enkel finansforvaltning, med finansielle aktiva i bankinnskot og passiva i serielån. Bankinnskota utgjorde kr 157,5 mill. pr 31.12.21, mot kr 146,5 mill. året før. Netto lånegjeld (lån minus unytta lånemidlar) var kr 160,4 mill. pr 31.12.21, mot kr 164,6 mill. året før. Kr 147,6 mill. av netto lånegjeld pr. 31.12.2 var til egne investeringar, mot kr 152,0 mill. året før, resten var lån til vidare utlån.

Finansielle måltal - status

Som følgje av krav i den nye kommunelova § 14-2 c) vedtok kommunestyret i 2020 finansielle måltal for kommunen sin økonomiske utvikling, og reviderte dei i samband med Handlings- og økonomiplan 2021-24 med budsjett for 2021. Dei vedtekne finansielle måltala frå 2021 var:

- Netto driftsresultat på gjennomsnittleg 1,75 % av driftsinntektene
- Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av driftsinntektene) på maksimalt 90 %
- Disposisjonsfond på minst 20 % av driftsinntektene


Status ved slutten av året var at kommunen låg godt an i høve til måltala, jf. tabellen under:





Måltal, nivå siste fem år (pr 31.12.)	2017	2018	2019	2020	2021
Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekter – 1,75 %	-2,9 %	11,4 %	6,7 %	11,6 %	4,4 %
Gjeldsgrad (netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter) – maksimalt 90 %	55,5 %	47,4 %	50,6 %	54,8 %	55,3 %
Disposisjonsfond i % av brutto driftsinntekter – minst 20 %	12,8 %	19,1 %	23,8 %	30,8 %	34,3 %

Ei styrking av dei finansielle måltala inneber at kommunen si økonomiske berekraft og robustheit er styrka. Dette gjer oss betre i stand til å møte langsiktige utfordringar knytt til endra behov i tenestetilbodet og mindre sårbare mot fall i skatteinntekter, auka renteutgifter og andre uføresette hendingar som påverkar inntektsnivået eller utgiftsbehovet.



I juni 2021 fastsette kommunestyret «Rammeføresetnader for handlings- og økonomiplan 2022-2025». Der vart ein handlingsregel innført som nytt styringsprinsipp;

Vedtak i Kommunestyret KOM sak 048/21

I Handlings- og økonomiplan med budsjett for 2022-2025 skal ein arbeide etter ein slik handlingsregel:

«Bruken av Havbruksfondet og NORMinntektene blir i større grad skjerma frå drifta i kommunen. Desse inntektene skal berre kunne nyttast til investeringar knytt til kommuneplanen sine mål eller satsingar. I den grad dei brukast inn i driftsbudsjettet, skal det vere satsingar som er begrensa til å gjelde for 2 år.

Utvikling i netto driftsresultat

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er rekna som den viktigaste enkeltindikatoren for å vurdere den økonomiske situasjonen og den økonomiske handlefridomen. Netto driftsresultat viser driftsoverskot etter at renter og avdrag er betalt, og er eit uttrykk for kva kommunane sit att med til avsetjingar og investeringar. Ein høg resultatgrad bidrar til at måla for dei andre finansielle indikatorane i stor grad vil kunne oppfyllast. Figuren over viser at resultatgraden har vore godt over måltalet i åra frå 2018 til 2021, i stor grad som følgje av vesentlege inntekter frå havbruksfondet og NORM-kompensasjon.

Utvikling i gjeldsgrad

Gjeldsgraden er den langsiktige gjelda uten pensjonsforpliktingar, fråtrekt totale utlån (med startlån) og unytta lånemidlar, i prosent av brutto driftsinntekter. Gjeldsgraden er på konsernnivå (inkl. kommunen sin del av gjeld for IKS, KO osv.), og gjev uttrykk for kor mykje av langsiktig gjeld



som skal betenast av dei vanlege driftsinntektene. Store investeringar som vert finansiert med en høg del lånefinansiering vil over tid gje ein høg gjeldsgrad. Auka renteutgifter vert ikkje fanga opp av denne indikatoren. Auka gjeldsgrad 2019-2021 skuldast i stor grad Gulen kommune sin del av nytt lån knytt til Nordhordland Helsehus IKS. Dei to siste åra har om lag halvparten av finansieringsbehovet knytt til investeringar vore finansiert med eigenkapital (overføringar frå drifta), og gjeldsgraden pr 31.12.21 ligg difor langt lågare enn måtalet på 90 %.

Utvikling i disposisjonsfond

Nivået på *disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter* fortel kor stor økonomisk buffer kommunen har i drifta. Bufferen har noko å seie for kor raskt kommunen kan omstille seg ved vesentlege rammeendringar, og bør vere høg nok til å dekkje opp for uføresette endringar i utgifts- eller inntektsnivået. Fondsmidlar bør ikkje brukast til å finansiere løpande utgifter. Figuren over viser utviklinga i disposisjonsfondet i perioden 2017 – 2021, med auke kvart år opp til eit nivå på 34,3 % pr 31.12.21, som er godt over måtalet på 20 %.

KOSTRA-samanlikningar

Systemet KOSTRA (KOMMune-STat-RApportering), som er forvalta av Statistisk Sentralbyrå (SSB), gjev eit grunnlag for samanlikning av kommunar når det gjeld ressursbruk. Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Gulen kommune sin del:

- Innbyggjartalet minka med 42 personar til 2 230, med auke på ein person i aldersgruppa 80 år og over, og elles færre i dei andre aldersgruppene. Detaljerte tal frå SSB viser at netto utflytting utgjorde 35 personar, mot 27 i 2020. Fødselstalet auka til 22 (17 i 2020), medan fødselsoverskotet var på minus 8 (minus 2 i 2020).

Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
0-5 år	123	123	129	138	146	138	144	137	123	110
6-15 år	297	292	277	287	277	281	267	255	244	240
16-66 år	1 470	1 476	1 480	1 482	1 475	1 454	1 438	1 436	1 416	1 409
67-79 år	267	271	295	315	320	314	322	327	335	316
80 år og over	148	153	154	148	153	158	151	142	154	155
Til saman	2 305	2 315	2 335	2 370	2 371	2 345	2 322	2 297	2 272	2 230

Folkemengd, alder, pr. 31.12., %	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
0-5 år	5,3	5,3	5,5	5,8	6,1	5,9	6,2	6,0	5,4	4,9
6-15 år	12,9	12,6	11,9	12,1	11,7	12,0	11,5	11,1	10,7	10,8
16-66 år	63,8	63,8	63,4	62,5	62,1	62,0	61,9	62,5	62,3	63,2
67-79 år	11,6	11,7	12,6	13,3	13,5	13,4	13,9	14,2	14,8	14,2
80 år og over	6,4	6,6	6,6	6,2	6,5	6,7	6,5	6,2	6,8	6,9

- Vekting av tenestene: Barnehage, Grunnskule, Helse og omsorg, VAR og Kommunale bustader utgjorde vesentleg større del av nettoutgiftene i Gulen kommune enn i gruppe 06-snittet i 2021, medan utgiftene til Barnevern, Sosialektoren, Kultursektoren, Eigedomsforvaltning og Næringsforvaltning var vesentleg lågare. Samanlikna med landsgjennomsnittet utgjorde Helse og omsorg ein vesentleg høgare del av nettoutgiftene, som speglar at Gulen har relativt høg snittalder. Det er generelt langt større avstand til landssnittet enn til snittet for liknande kommunar, som venta.

Netto driftsutgifter for ymse tenester, vekt i høve til totale driftsutgifter*	Gulen 2017	Gulen 2018	Gulen 2019	Gulen 2020	Gulen 2021	Gr. 06 2021	Landet 2021
FGK1a Politisk styring og kontrollverksemd	1,8	1,7	1,9	1,9	1,7	1,4	0,7
FGK1b Administrasjon	9,4	8,9	10,5	10,5	10,0	10,4	6,9



FGK1c Fellesutgifter	-2,1	-4,0	-3,9	-2,0	-6,0	-4,7	-4,4
FGK7 Barnehage	9,2	9,8	11,5	10,9	10,8	10,1	14,4
FGK8b Grunnskule	24,2	24,8	26,6	23,0	24,2	21,7	23,0
FGK13 Barnevern	1,0	1,0	1,2	1,2	1,3	3,1	3,3
FGK9 Helse og omsorg	43,4	43,7	49,1	45,7	48,9	47,5	39,1
FGK12 Sosialsektoren samla	2,9	3,0	2,6	2,4	1,9	2,8	5,4
FGK17 Brann- og ulukkesvern	2,1	2,0	2,1	2,0	2,1	1,9	1,4
FGK3 Plan, byggesak og miljø	0,5	0,6	1,0	1,5	1,7	1,2	1,4
FGK14 Vatn, avløp, renovasjon, avfall (VAR)	0,2	-0,3	0,2	0,2	0,4	-0,5	-0,6
FGK2 Kultursektoren	1,6	1,4	1,7	1,4	1,9	4,0	4,3
FGK15 Kyrkje	1,4	1,5	1,6	1,7	1,4	1,3	0,9
FGK5 Samferdsle	2,5	3,8	5,0	3,8	3,7	3,3	1,8
FGK6a Eigedomsforvaltning	8,2	9,1	10,3	8,3	9,5	10,7	9,4
FGK16 Kommunale bustader	-0,2	0,2	0,4	1,0	1,0	0,3	0,5
FGK4 Næringsforvaltning	0,5	0,1	-12,7	-5,8	-5,9	-3,9	-0,2

*SSB gjer merksom på at summen av delane for utgifter til tenesteområda ikke blir 100% for nokon av utgiftsbegrepa i tabellen, noko som skuldast både at enkelte funksjonar inngår i flere av tenesteområda (nemnd som FGK1a..FGK17) medan andre funksjonar ikkje inngår i noko tenesteområde, i tillegg til at artsfangnet er ulikt i teljar og nemnar for enkelte av begrepa. Tabellen er likevel tatt med for å syne ei økonomisk vektning mellom dei ulike områda og utviklinga frå år til år. Tala for 2019 og 2020 er noko påverka av høge NORM-inntekter, jf. FKG4.

- Kommunale prioriteringar: Førebelse KOSTRA-tal for 2021 for dei store tenesteområda Helse og omsorg, Grunnskule og Barnehage syner vesentleg auke i utgiftsnivået i høve til 2020. Netto driftsutgifter pr person i relevant aldersgruppe var høgare enn snittet i samanlikningsgruppa (KOSTRA-gruppe 06) og landet.

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (alle tal i kr)	Gulen 2017	Gulen 2018	Gulen 2019	Gulen 2020	Gulen 2021	Gr. 06 2021	Landet 2021
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	155 913	160 289	186 407	212 343	264 135	210 498	185 036
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskule	165 858	180 034	195 451	190 082	218 050	177 396	128 142
Netto driftsutg. pr innb., helse- og omsorgstenester	45 117	47 656	51 018	50 463	58 048	51 132	32 450

*Gruppe 06 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og høge frie inntekter. Fram til 2018 var Gulen del av gruppe 05, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter.

Kommunebarometeret - kvalitetsmåling

Basert på KOSTRA og andre datakjelder har Kommunal Rapport utvikla eit grunnlag for å samanlikne tenestekvalitet i kommunane i høve til ressursinnsats - Kommunebarometeret. Gulen kommune var på 178. plass av 356 kommunar i 2021-utgåva (253. plass etter justering for økonomiske rammevilkår), som i hovudsak er basert på 2020-tal. Barometeret måler såleis tenestekvaliteten i Gulen som rundt gjennomsnittet for kommunane, ein del lågare når ein justerer for økonomiske rammevilkår. Kommunen skåra over snittet på Barnehage og Pleie og Omsorg i 2021.

5. Personalstatus

Godkjende stillingar

Godkjende stillingar ved årsslutt:	2017	2018	2019	2020	2021
Godkjende stillingar (inkl. vedtekne endringar for budsjettåret), årsverk	260,1	259,0	255,6	255,8	259,9

Det har vore justeringar av stillingar i form av reduksjon på enkelte einingar, og auke i andre einingar frå 2020 til 2021, i tråd med strategiar og budsjettvedtak. Dei største endringane er som fylgje av endring av barnetal i barnehagane og auka stillingar innan PU og innan helse som t.d. psykisk helse og LIS1.



Sjukefråvær

Eigenmeld og legemeld sjukefråvær (%)	2017	2018	2019	2020	2021
Gulen kommune	6,7	8,9	9,0	9,1	10,2

Det samla sjukefråværet i 2021 er på 10,2 %. Tala er henta frå kommunen sitt eige fråværsssystem, som inneheld både legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær. Sjukefråvær av lengde 17 – 56 dagar er på om lag 2 % og langtidsfråværet, >56 dagar, er mellom 5,3 % og 6,7 % dei ulike kvartala. Resten av fråværet er korttidsfråvær under 16 dagar. Når det gjeld sjukefråvær på dei enkelte einingane, ser vi at det svingar mykje frå år til år. Dette skuldast i hovudsak at enkeltstående langtidsfråvær i våre små einingar gjer store utslag på fråværsprosenten. Årsakene til sjukefråvær er samansett, og det er viktig å heile tida ha fokus på førebygging og tilrettelegging.

Samarbeid med fagorganisasjonane

I 2021 var det seks møte med alle hovudtillitsvalde samla, mellom anna med drøfting av handlings- og økonomiplan, budsjett, kompetanseplan og generell informasjon. Det var også lokale lønsforhandlingar for kapittel 3 og 5 i januar 2021, med verknad frå 1.5.21, og forhandlingar i kapittel 3, 4 og 5 hausten -21. I tillegg har det vore drøftingar med hovudtillitsvalde enkeltvis eller i grupper ved behov – mellom anna om omorganiseringar, turnusavtalar, ulike forhandlingar og ved individuelle saker. Tillitsvalde deltek også i tilsetjingprosessane i kommunen, ved å vere med på intervju, vurderingar og drøftingar før vedtak.

Kompetanseutvikling

Gulen kommune har vidareført arbeid med kompetanseutvikling, og vedteke plan for perioden 2021-25. I prosessen med planarbeid vart det gjennomført kartlegging av kompetanse hos dei tilsette, og behovet for kompetanse i organisasjonen. Kompetanseutvikling skjer kvar einaste dag i alle einingar, gjennom interne og eksterne læringsarenaer, og det er viktig at vi har ulike tiltak og strategiar for kompetanseutvikling, som t.d. kvardagslæring, internundervisning, rettleiing, kurs, vidareutdanningar osv. Av større tiltak i kompetanseplanen, samt måltal knytt til kompetanse, kan det oppsummerast for 2021:

- Pr. 31.12.21 hadde vi fire lærlingar i kommunen. Tre lærlingar tok fagbrev i løpet av 2021.
- Nokre medarbeidarar jobbar med å opparbeide nok praksis til å gå opp til fagprøva som praksiskandidat.
- Tre medarbeidarar har fullført fagskule innan psykisk helse og rus og psykisk utviklingshemming og aldring.
- Vi har tilsette som har fullført vidareutdanning innan geriatri, helsesjukepleie, spesialisering allmenlege og master i spesialpedagogikk dette året. I tillegg har vi tilsette som held på med utdanning som barnehagelærar, vernepleiar, samt fleire ulike vidareutdanningar innan undervisning og barnehage.

Det er elles gjennomført ei heil rekkje andre kompetanseutviklingstiltak i kommunen i tråd med vedteken kompetanseutviklingsplan og lokale planar.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det har vore eitt møte i arbeidsmiljøutvalet i 2021. Bedriftshelsetenesta Avonova (tidl. Stamina) vart nytta til informasjon, kurs og opplæring, oppfylging av sjukemelde, samt rådgjeving i konkrete



arbeidsmiljø saker. Det vart gjennomført grunnopplæring for nye verneombod. I tillegg til bedriftshelsetenesta, samarbeider kommunen også med NAV arbeidslivssenter og lokalt NAV-kontor i aktuelle saker. Det vart starta eit prosjekt med fokus på sjukefråvær, der kommunen arbeider tett med NAV Arbeidslivssenter og NAV Fensfjorden.

Diskriminering og likestilling

Gulen kommune har som mål at usakleg forskjellsbehandling ikkje skal skje ved tilsetjing eller annan sakshandsaming. Vi drøfter reduksjon av deltidstillingar med tillitsvalde og samarbeidar tett med tillitsvalde i tilsetjingssaker. Gulen kommune er ein kvinne-dominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. 10 av 13 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner. Om lag 80 % av tilsette i Gulen kommune er kvinner.

Som følge av dei nye krava om rapportering etter *aktivitets- og redegjæringsplikten* (likestillings- og diskrimineringslova), vert det utarbeidd eigen sak om dette til kommunestyret.

Internkontroll

Kommunen har rutinar og handlingsplanar for det overordna internkontrollarbeidet som skal sikre at lovverk og rutinar vert etterlevd. Internkontrollarbeidet omfattar både kvalitet, effektivitet, integritet og ivaretaking av omdøme i tenestene. Kommunen har ei offensiv haldning kva gjeld digitalisering, noko som er nyttig både i arbeidet med rutineforbetringar og førebygging av misleghald.

Gulen tok i bruk nytt kvalitetssystem i mai, i samarbeid med dei andre kommunane i IKT-samarbeidet i Nordhordland. Det vart arbeidd aktivt gjennom heile året med oppbygging og innføring, opplæring av tilsette, overføring av dokument osv. I 2021 har det også vore utført overordna risikovurdering knytt til den kommunale drifta i samsvar med rutinane for kommunedirektør sin eigenkontroll, arbeidd med rutineskildringar og avviksrapportering, fokusert på prosessutbetring knytt til budsjettarbeidet og gjennomført internkontroll for politiattestar og politiske saker med økonomisk verknad.

Det vert årleg utarbeidd eigen sak til kommunestyret som rapporterer om eksterne og interne tilsyn og elles arbeidet med internkontroll.

Etisk standard

Kommunen legg vekt på at vår tenesteyting skal skje i samsvar med våre etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Gulen kommune. Retningslinjene viser også til verdiplattforma vår, "Samarbeid for utvikling", som seier korleis vi bør opptre, og kva overordna mål tilsette skal jobbe etter. Verdiplattforma skal henge synleg på alle arbeidsplassar, og reflekterast over på personalmøte jamleg. Det vert også vist til Verdiplattforma på einingsleiarmøte og ved introduksjon til nyttilsette.



6. Administrasjon, politikk og samfunn

Sentraladministrasjonen med fellestenestene

Sentraladministrasjonen, som består av Kommunedirektøren m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Økonomiavd., har som ei viktig oppgåve å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyre, formannskap, hovudutval og ymse andre råd og utval. Behandling av sektorovergripande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av fellestenester for heile kommuneorganisasjonen er andre viktige arbeidsoppgåver.

Det har i 2021 vore arbeidd saman med KS konsulent for å vurdere kommunen sin administrativ hovudstruktur. Sluttrapport vert levert i 2022. Det har i den samanheng mellom anna vore gjennomført samlingar med leiarar inkl. stab/støtte.

I K-sak 081/20 vedtok kommunestyret at arbeid med kommuneplan –samfunnsdel - skulle starte opp i 2021 og gjerast klar for avgjerd i 2022. Ny samfunnsplan skal ta omsyn til utfordringar for samfunnsutviklinga i kommunen, legge til rette for strategiske val for perioden 2022-2034 samt setje konkrete målsetnader. Prosjektplan ble godkjent av formannskapet 27. januar 2021. Dette er eit omfattande arbeid som skal danne grunnlag for styring av kommunen dei neste 12 åra. Gjennom heile året er det jobba med å samle kunnskap, både innhenting av statistikkmateriale for nærare analyse og folkemøte/undersøkingar. Dei gjennomgåande tema er berekraft, demografi, folkehelse og digitalisering. Struktur for planarbeidet er bygd opp mot dei ulike målgrupper i kommunen, samstundes som ein har skilt ut einskilde tema; Born og unge, vaksne og eldre, kultur, idrett og frivillig arbeid, bustad, stadutvikling og arealforvaltning, miljø, klima, forureining og samfunnsstryggleik, samt næring og sysselsetting. Den fyrste målgruppa ein såg på var eldre. Her ble det i mai 2021 gjennomført folkemøte parallelt i alle bygdene, med digital overføring. Det er viktig å få fram trivselsfaktorar for alle målgrupper, difor er det òg planlagt ulike tiltak får dei innbyggjarane som ein elles har lite informasjon om. All informasjon om prosjektet vert fortløpande lagt ut på Gulen kommune si heimeside. Målet er å få planen ferdig handsama av kommunestyret i 2022.

Som året før vart 2021 sterkt prega av koronakrisa. Nasjonale og lokale smitteverntiltak og restriksjonar var gjeldande gjennom heile året, og kommunen brukte store ressursar på å handtere utfordringar knytt til pandemien. For kommuneleinga og sentraladministrasjonen innebar året mykje ekstra innsats knytt til kriseleing, informasjonsarbeid, etablering av løysingar på felles utfordringar, fordeling av særskilde løyvingar, rapportering og anna, i ein situasjon som i seg sjølv var krevjande for dei tilsette. Med ei rekkje avvik frå normalsituasjonen knytt til personaltilhøve, økonomiske tilhøve og anna vart den vanlege drifta også meir komplisert enn i eit normalår, og det var i nokon grad utfordrande å halde vanleg god kvalitet.

Innanfor IKT og digitalisering skjedde mellom anna desse viktige hendingane i 2021:

- Ny heimeside for Gulen kommune, bygd på same lest som kommunane i Nordhordland og med oppdatert innhald og struktur, vart lansert 18. mars, etter eit grundig førearbeid.
- Oppgradering av sak- og arkivsystemet, med skyløysing, vart gjennomført i i april.
- Nytt kvalitetssystem vart innført i mai.
- Intranett for heile kommuneorganisasjonen var operativt frå 17. juni, gjennom prosjektet Samhandling365, eit IKTNH-prosjekt med føremål å etablere ein felles moderne IKT-plattform for samhandling i heile Nordhordland-regionen.



Stortingsvalet var særskild krevjande i 2021 på grunn av koronarestriksjonar, men gjennomføringa av både tidleg-, førehands- og valtingsrøysting gjekk høvesvis greitt.

Den 23.09.21 var det oppstart av Felles kontaktsenter for Gulen og Samnanger kommunar, med målsetting om å gje betre tenester gjennom felles sentralbord og ei førstelinjeteneste som i større grad enn før kan løyse enkle saker. Oppstarten var vellukka, noko som lovar godt for utviding av samarbeidet vidare, med inkludering av Osterøy og Masfjorden kommunar i 2022.

Tal registrerte saker i sak- og arkivsystemet auka vidare i 2021:

Utvikling i tal registrerte saker, dokumentsystemet	2019	2020	2021
Registrerte arkivsaker	1817	1876	2118
Registrerte journalpostar	12038	13324	14279
Politiske møte	54	48	54
Utsending av innkalling til møte	67	74	90

Innafor arkivområdet bør nemnast at innhenting av arkivmateriale frå ytre einingar til kommunehuset i 2021 for rydding held fram, sjølv om kommunearkivordninga i Vestland ikkje har kapasitet til å ta mot meir papirarkiv frå Gulen før i 2024. Ny arkivplan vart ferdigstilt i oktober 2021.

Politikk

Utvikling i tal politiske saker	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunestyret	96	91	144*	108	100
Formannskapet	74	57	58	92	101

*Det høge talet for kommunestyresaker i 2019 skuldast utpeiking av medlemar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

På grunn av koronarestriksjonar vart kommunestyremøtet i mai og desember halde digitalt, som vart ein god test på at slike møte kan fungere greitt. Kommunestyret behandla mellom anna desse viktige sakene i meldingsåret: ny samarbeidsavtale om PPT, oppstart av Felles kontaktsenter, retningslinjer for landbrukstilskot, kompensasjonsordningar knytt til koronakrisa, fullfinansiering av Berivest AS, godkjenning av reguleringsplan for bustadfeltet Ortneset Vest, oppstart av Ambulansestasjon Dalsøyra, utarbeiding av samfunnsdelen av kommuneplanen, innspel til regional transportplan for Vestland, plan for gjennomføring av reforma Leve hele livet, kompetanseplan, finansreglement, årlege internkontroll- og økonomisaker.

Samfunnsutvikling

Gulen kommune er med i ymse interkommunale organ, mellom anna regionråda i Nordhordland og HAFS-regionen, Nettverk for fjord- og kystkommuner, Kystvegen Bergen-Ålesund (Fv. 57 gjennom Gulen), Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane og Kystrådet, eit samarbeidsråd for kystkommunane i Vestland fylke frå Gulen og nordover. Gjennom Region Nordhordland IKS, samarbeidsorganet for dei åtte kommunane Vaksdal, Osterøy, Modalen, Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden og Gulen, deltek Gulen kommune i ei rekkje fellestiltak. Eit viktig tiltak innafor samfunnsutvikling i 2021 var oppstart av interkommunal plan for sjøareala i Nordhordlandsregionen. Alle kommunane i regionen deltek i reiselivsutvikling gjennom Visit Bergen.



Fiberbreiband har vore eit viktig infrastrukturiltak dei siste åra. Den andre store utbygginga av fiberbreiband i Gulen starta opp i februar og vart i stor grad utført i 2. halvår 2021. Forseinka leveranse av sjøkablar på grunn av koronakrisa gjorde at dei siste leveransane skjer noko seinare. Prosjektet har omfatta 20 nye område, og med denne utbygginga vil stort sett alle område i Gulen med fast busetnad ha fått tilgang til fiberbasert høgfaringsbreiband. Dei siste fastbuande utan dekning vart omfatta av ein søknad i mai, og prosjektet fekk løyving og vart lagt inn i ein felles anbudsprosess for Vestland fylke i slutten av året, med venta utbygging i 2022-23.

Aktiviteten i det interkommunale næringssselskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) var prega av mykje arbeid knytt til pandemien også i 2021. Som for 2020 fokuserte GMU på å hjelpe det lokale næringslivet med gode råd knytt til situasjonen, kunnskap om restriksjonar og ulike støtteordningar, hjelp med søknader og anna. På hausten opna samfunnet opp for ein kortare periode, og verksemda fekk gjennomført den årlege jobb- og karrieremessa i Sløvåg som normalt før samfunnet på nytt stengde ned. Messa vart ein suksess - aldri har så mange verksemdar og utdanningsinstitusjonar delteke. Samarbeidet med ungdomsskulane er godt, og ungdomane stiller godt førebudde. Mange på jobb jakt hadde også funne vegen til messa, og fleire verksemdar melde om potensielle arbeidstakarar/intervjukandidatar etter messa. GMU deltek elles i ulike arbeidsgrupper og utval, og sit bl.a. i prosjektleiingsgruppa for ny samfunnsplan for Gulen kommune og i arbeidsgruppe sett ned av regionrådet som skal utforme næringsstrategi for Nordhordland.

Vestland fylkeskommune avvikla ordninga med årleg påfylling til næringsfondet frå 2021, men på grunn av at fondet inneheld udisponerte midlar frå tidlegare år kan ordninga halde fram inntil vidare. Det var noko færre søknader til ordinært næringsfond enn tidlegare år - fire nye tilsegner om tilskot vart gitt, mot heile ni året før - men høg aktivitet knytt til utbetaling av løyvingar frå næringsfondet og covid-19-ordninga frå 2020.

Kommunane fekk i 2021 tilført midlar som skulle gje lokale versemder kompensasjon for tap som følge av koronakrisa. Gulen kommune fekk tilført kr 0,5 mill. i første halvår og ytterlegare kr 1,3 mill. mot slutten av året, fekk fordelt det meste av dette vidare og overførte resten for fordeling i 2022. Desse midlane var krevjande å få administrert i eit kapasitetsmessig vanskeleg år, men var viktige for å avgrense tap for enkelte mindre verksemdar i Gulen som var hardt råka.

Innafor den kommunale bustadsatsinga var den største hendinga at reguleringsplanen for Orneset Vest vart godkjend, med til saman åtte nye kommunale einebustadtomter og to tomter for bygg med fleire bueiningar. Fire av dei åtte einebustadtomtene vart reservert i 2021. Interesse for kommunale bustadtomter var elles om lag som normalt, med sal av to kommunale bustadtomter i Hovden, og med ei reservert tomt i Gåtafeltet, ei i Hovden og ei på Orneset pr 31.12.21. Det vart i 2021 utbetalt ni tilskot til bustadetablerarar på kr 40 000, tre av desse med tillegg på kr 100 000 for etablering utafør kommunalt felt, og eit tilskot på kr 5 640, til saman kr 665 640.

Kultur

På kulturfeltet var det høg aktivitet i 2021 knytt til utbygging av anlegg for fysisk aktivitet. 10 søknader om tilskot frå spelemidlane var til behandling, og 4 av desse fekk tilsegn om til saman kr 1 119 000. I slutten av året vart 7 søknader til 2022-runden førebudd. 1 av desse var ny (Byrknes treningsstove), medan dei 6 andre var fornying av søknader knytt til skuleanlegg i Eivindvik og på Byrknes, lagerbygg ved kunstgrasbane på Dalsøyra og tursti til Austgulstølen.



Uteanlegg ved skulane har vore høgt prioritert dei siste åra, og i 2021 var det investeringar knytt til anlegga ved skulane i Eivindvik og på Byrknes. Fleire anleggsprosjekt der kommunen tidlegare har forskottert midlar fekk utbetalt spelemidlar, og uteståande kommunal forskottering vart redusert frå om lag kr 2 mill. til om lag kr 0,8 mill. i løpet av året.

I tillegg til ansvaret for kommunale anlegg knytt til skular og barnehagar har kommunen noko drifts- og vedlikehaldsansvar knytt til satsingar innafør friluftsliv. Dette gjeld tilskot til idrettslaga for vedlikehald av turstier og vedlikehald av Den Trondhjemske postveg og Dagsturhytta Gulakvila. Arbeidet knytt til avklaring av symjeanlegg kom nokre steg vidare i 2021; ei utgreiing i to trinn av alternative løysingar vart behandla av kommunestyret i september, med vedtak om vidare avklaring.

Gulen kommune løyvde kr 75 000 i tilskot til Utkant-21. Festivalen måtte avlysast pga. Covid-19, men tilskotet kom godt til nytte likevel. Kr 140 649 vart nytta til å støtte lokale museum (Gulen Fiskarbøndemuseum, Bjørn West-museet og Kystmuseet i Sogn og Fjordane), og Bjørn West-minnestøtte på Mjømna vart støtta med kr 71 250. Kulturmidlane utgjorde kr 182 000 i 2021.

Gulen ungdomsråd behandla 11 saker på 3 møte, fordelte kr 33 911 til tre transporttiltak for ungdom (LTU-midlar) og kr 87 500 i kulturtilskot til born og unge. UKM (Ung Kultur Møtast) vart arrangert med fysiske samlingar (workshops) der ein laga vidosnuttar som seinare vart vist på eit digitalt UKM. To representantar frå rådet held førebudd innlegg på kommunestyremøtet i desember, og representerte ungdommen på ein fin måte. Ein representant deltok på nettverkssamling i regi av Vestland fylkeskommune. Ekstraløyving til ungdomsrådet i 2021 vart nytta til innkjøp av utstyr ved skulane.

I 2021 var medieutlånet (bøker, tidsskrift, filmar og lydbøker) tilbake på same nivå som i 2019. Det var også auke i fjernlån av bøker. Dette er eit godt tilbod til fjern- og deltidsstudentar. Sommarles for 1.-7. kl. hadde same tal deltakarar som året før. I 2021 var det tre forfattarbesøk:

Forfattarsamtale mellom Katrine Sele og Marit Kaldhol, presentasjon av «Vestlandshus» med Eva Røyrane og Oddleiv Apneseth, og krimforfattaren Chris Tvedt som besøkte Byrknes filial. Eivindvik var blant dei stoppestadene som fekk besøk av bokbåten Epos.

I sommarhalvåret var det fleire turistar som gjekk den kulturhistoriske løypa i Eivindvik, og som kom innom «Herresalen».

Gulatinget

Tusenårsstaden Gulatinget hadde 18 687 besøkande i 2021, som er positivt sett på bakgrunn av at ein også dette året hadde restriksjonar på publikumsstorleik knytt til arrangement. Trass dette vart det gjennomført arrangement på Gulatinget som i eit normalår, med både vikingtreff og vikingbryllup, konsertar, kunstutstillingar, skuledagar, dagleg guiding, utandørs gudsteneste osv. når koronasituasjonen tillot det. Det vart i sommar reist nytt grindhus som del av eit kurs i grindbygging, og begge grindhusa vart vindisolerte.

I 2021 starta ein førebuingar til ei storstilt markering på Gulatinget i samband med Nasjonaljubileet i 2024, der Gulatinget er del av programmet i under programmet «Verdier i lowverket». I 2024 er det også Landslovjubileum (Landslova 750 år), og planlegginga fram mot desse store jubilea har pågått i 2021. I 2021 vart det sendt søknad til VLFK til eit toårig prosjekt for å skape ein «Jussfestival» og ein større teaterhending på Gulatinget i jubileumsåret.



Gulatingseminar 2021 hadde fokus på ytringsfridom, med profilerte innleiarar som Jostein H. Kobbeltvedt (Dagleg leiar Raftostiftinga), Natalia Antonia Golis (Fylkesvaraordførar i Vestland), Pia Maria Roll (Scenekunstnar kjend for teaterstykket «Ways of seeing»), og Kamzy Gunaratnam (Utøya overlevar/tidl. varaordførar i Oslo/Stortingsrepresentant). Ordstyrar var Per Morten Ekerhovd (Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering i Vestland fylkeskommune). Debattleiar var historikar, tidlegare Byråd i Bergen og Ap-politikar Anna Elisa Tryti.

Ein milepæl i 2021 var at Gulatingslova («Codex Rantzovianus»), vart nominert til UNESCOs Memory of the World, etter at den norske UNESCO-komiteen godkjendte søknaden frå Gulen kommune. Det ble mottatt støtteerklæringar til nominasjonen frå Det Kongelige Biblioteket i København, Thingvellir Nasjonalpark, Destination Viking Association, Riksarkivet, Juridisk fakultet, Gulating Lagmannsrett, Eidsivatinget, Professor emeritus Magnus Rindal og Professor Stefan Brink. Professor i rettshistorie, Jørn Øyrehagen Sunde, var fagleg rådgjevar for dagleg leiar for Gulatinget som utforma søknaden.

Nettverksarbeid gjekk som normalt i 2021, med fysiske og digitale møte, mellom anna i Kystpilegrimsleia (Gulatinget er Nøkkelstad), Nasjonalt Tingnettverk, Nasjonaljubileet «Norge i Tusen år 2020-2030» og Destination Viking Association. I tillegg deltok Gulatinget i nettverksmøte i Vestland knytt til kulturarvstader frå mellomalderen.

Hovudprosjektet hadde i 2021 eit driftsbudsjett på kr 2 143 250,- fordelt på tilskot frå Vestland Fylkeskommune kr. 1 141 875,- tilskot frå Gulen kommune kr. 489 375,- samt statstilskot øyremerkt formidlingsstilling kr. 512 000,- Statstilskotet vert utbetalt via Musea i Sogn og Fjordane (MISF). Tilskotet er for lågt til å dekkje ei full stilling. Ein har difor dei siste åra søkt staten om auka løyving til formidling på Gulatinget, men har så langt ikkje nådd fram. For 2021 vart stillinga innekt med bruk av fond.

Søknad til Kulturdepartementet om statleg støtte til Gulatinget Nasjonale Kultursenter (GNK) førte heller ikkje fram i 2021, og ny søknad vart sendt ved årsskiftet for å komme med i Statsbudsjettet i 2023. Signala frå Kulturdepartementet har ført til at styringsgruppa i 2021 har utgreidd framtidig organisering av arbeidet med Gulatinget, i tillegg til konsolidering inn i det nasjonale museumsnettverket.

7. Oppvekst

Oppvekstsektoren er organisert i fem einingar; Fire av desse er oppvekstsenter, som alle har barnehage-, grunnskule- og SFO-tilbod. Nytt av året er at barnevernet òg er organisert under Oppvekst.

Skule

Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2017/2018 pr. 01.10.17	81	53	64	83	281
2018/2019 pr. 01.10.18	73	48	65	80	266
2019/2020 pr. 01.10.19	65	49	64	76	254
2020/2021 pr. 01.10.20	61	48	64	73	246
2021/2022 pr. 01.10.21	55	55	59	69	238



Indikatorar og nøkkeltal	Gulen 2017/18	Gulen 2018/19	Gulen 2019/20	Gulen 2020/21	Gulen 2021/22	Landet 2021/22
Årsverk for undervisningspersonale	41,5	39,6	39,6	36,9	36	
Lærartettleik samla (elevar pr lærar)	9,0	9,3	8,8	8,4	8,2	15,5
Lærartettleik 1.-7. steg	7,5	7,5	7,6	8,35	8,5	14,9
Lærartettleik 8.-10. steg	9,8	9,7	8,5	8,42	7,7	17,6
%-del undervisning av tilsette med godkjend utd.	96,2	93,9	95,8	94,8	94,6	95,7

Bruken av lærarar utan godkjent utdanning er som landsgjennomsnittet. Vi har få elevar pr lærarårsverk, noko som kan forklarast med struktur, men det viser òg at det er grunnlag for å sjå om ikkje undervisninga kan organiserast meir effektivt.

Spesialundervisning

Prosent av elevar som får enkeltvedtak				
2017/-18	2018/-19	2019/-20	2020/-21	2021/-22
5,3 %	5,6 %	4,7 %	7,7 %	6,7 %

Gulen kommune har historisk brukt mindre ressursar på spesialundervisning enn nabokommunane og snittet for kommunane i landet.

Kvalitet (frå kvalitetsmeldinga hausten 2021)

Skulane og barnehagane har hatt eit stort fokus på digitalisering. Skulane er undervegs i eit arbeid med å ta i bruk nye modular i det skuleadministrative systemet. Barnehagane har endra barnehageadministrativt system, noko som betyr at me har ei heildigital arkivløyning og ein plattform for foreldrekommunikasjon. Fagfornyninga og arbeidet med å lande på nye læreverv er òg noko som har hatt stort fokus dette året. Gulen kommune var ei av to kommunar som piloterte i Teams for Education-prosjektet, og det har no vorte ein naturleg del av digitaliseringsprosjektet Samhandling 365, som heile kommunen no er med på.

Frå 01.01.22 vil Gulen kommune vere knytt til eit nytt PPT-kontor. Dei nye samarbeidskommunane vert Masfjorden, Fedje og Austrheim.

Covid-19 har ført til eit auka fokus på å legge til rette for aktivitetar for barn og unge. Vi ser at talet på kulturskuledeltakarar dessverre har gått nedover. I dialog med ungdomsrådet har musikk- og kulturskulen oppretta ei ny linje, E-sport og programmering. Dette vil forhåpentlegvis gjere at fleire finn eit tilbod dei ynskjer. For å løfte fram musikk- og kulturskulen har vi satt av plass til informasjon frå kulturskulen i kvalitetsmeldinga.



Grunnskulepoeng

	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20	2020-21
	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer	Alle eierformer
	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn	Begge kjønn
Nasjonalt - Fylke - Kommune - Enhet	Grunnskulepoeng	Grunnskulepoeng	Grunnskulepoeng	Grunnskulepoeng	Grunnskulepoeng
- Hele landet	41,4	41,8	42,0	43,2	43,3
- Vestland				43,3	43,5
+ Gulen	42,0	44,0	42,1	45,2	43,8

Grunnskulepoeng er ein samla poengsum berekna ut frå alle standpunkt- og eksamenskarakterane på vitnemålet, og er med på å danne grunnlaget for opptak til vidaregåande skule. Snittet for grunnskulepoeng var svært høgt for avgangselevane i 2020, og har dei siste åra vore høgt, samanlikna med snittet for landet. Snittet for 20/21 legg seg rett over snittet både for Vestland og landet.

Skulefritidsordning (SFO)

Tal brukarar av skulefritidsordning					
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal
01.10.2017	20	13	10	16	59
01.10.2018	14	12	9	16	51
01.10.2019	18	12	15	13	58
01.10.2020	23	9	12	17	61
01.10.2021	10	15	16	16	57

Bruken av SFO har stabilisert seg og varierer no stort sett med tal elevar i årskulla på småskulesteget.

Barnehagar

Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane						
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Hovden	Eivindvik	Samla tal
15.12.2017	25	16	34		37	112
15.12.2018	28	16	40		33	116
15.12.2019	30	16	34		35	115
15.12.2020	24	19	10	19	29	101
15.12.2021	26	22	10	15	17	90

Dei fleste barn i førskulealder går i barnehagen og dei fleste har heil plass. Variasjonane i tal barn i barnehagen endrar seg stort sett i samsvar med endringar i årskulla.

Musikk- og kulturskulen

Elevar i musikk- og kulturskulen				
01.10.17	01.10.18	01.10.2019	01.10.2020	01.10.2021
50	53	60	47	63



Skuleåret 2021/22 har musikk- og kulturskulen 63 elevar på dei ulike tilboda. Dette inkluderer både enkeltelavar og gruppetilbod. I tillegg sel kommunen dirigent- og instruktørtenester til skulekorpset i Brekke. Dette både til aspirantopplæring, gruppeøvingar og fellesøvingar.

Barnevern (Gulen og Masfjorden barnevernteneste)

Gulen og Masfjorden barnevernteneste sin visjon er «med barn i fokus». Barna har ein sentral plass i alt barnevernet gjer. Tenesta har vore operativ heile året, og ein har laga arbeidsrutinar i samsvar med gjeldande reglar kring Covid-19.

Barneverntenesta har eit høgt fagleg fokus og alle er særers fleksible på arbeidstida. Tenesta er òg styrka med ein tiltaksarbeidar. Det har gjort at ein kan arbeide meir strukturert med rettleiing som heimebasert teneste.

Barnevernet er med i to læringsnettverk, eit saman med HAFS og Høyanger, og eit saman med Sunnfjord, Bremanger og HAFS. I det fyrstnemnde er NORCE med frå kompetansesentera og Sandnes barnevern har hatt ansvar for opplæringa. I 2022 vil dette læringsnettverket arbeide med implementering av metodar. Det andre prosjektet skal finne løysingar og rutinar for korleis kommunane skal ha oppfølging av fosterheimsarbeidet som BUFETAT tidlegare har tatt seg av.

I 2021 behandla tenesta 30 meldingar i begge kommunane, 17 i Masfjorden og 13 i Gulen. Statsforvaltaren har tett oppfølging med kommunane. Meldingsinnhaldet har endra seg og ein undrar seg om noko er Koronarelatert. 41 born har fått eitt eller fleire tiltak frå barneverntenesta i løpet av 2021. Barnevernet har hatt avvik på ein dag i undersøkingstida, og har utvida undersøkingstida i ei sak. Dei fleste tiltaka har tenesta utført sjølv, og tenesta har iverksett to omsorgstiltak.

Barnevernet har oppfølgingsansvar for 3 fosterheimar. Desse skal ha oppfølging på ulike nivå. Til fosterbarnet, til fosterforeldre, til barn i familien, til biologiske foreldre, og til familien. Det skal vere oppfølging i høve skule, barnehage, fosterheimen, samvær, oppfølging av biologiske foreldre, vurdere tilbakeføring, ha oppfølging av sysken, samtalar med barnet, tilrettelegging og rettleiing. Dette året har ein arbeida mykje kring tiltak utanfor familien. Krevjande saker der alle skal føle seg ivaretekne. Barnevernet har vore i 2 samtaleprosessar i Fylkesnemnda.

Tilsynsansvaret for barn som er plassert i Gulen og Masfjorden kommune er lagt til barneverntenesta. Tenesta har tilsynsansvar for 10 barn frå annan omsorgskommune, og eit frå eigen kommune. Tenesta har hatt samlingar om oppfølging av tilsynsførarane. Tenesta har og hatt ettervern av 3 unge, som vart avslutta sumaren 21.

Det er blitt gjeve rettleiing i høve samlivsbrot/samvær som ikkje er registrerte som saker.

Tenesta er på alle 7 oppvekstområda. Der har vi samarbeid med fleire av skulane og barnehagane, der ein blant anna låner rom til samtalar med barn og føresette.

- Tenesta har heimebaserte tiltak som ein utfører sjølv, desse er meir intensive og ein arbeidar for å skape endring. Lova har endra seg frå tilstrekkeleg god nok omsorg, til at alle barn skal ha god utviklingstøttande omsorg. Korona har gjeve utfordringar på å gjennomføre tiltak etter gjeldande smittevernreglar til ei kvar tid.



- Tenesta er med i styringsgruppa til to læringsnettverk i Vestland. Heile tenesta har delteke i prosjektet «På golvet». Dette læringsnettverket har vi fått fullfinansiert frå BUFDIR. Dette har ein saman med Høyanger og HAFS, samt helsesjukepleiar i Fjaler og Masfjorden. Dette er òg tenkte inn i reforma og inn i den førebyggjande planen til kommunane, som skal virke frå 01.01.22.
- Tenesta var med i tenestestøtteprogrammet frå RKBU saman med Osterøy, Vik, HAFS og Balestrand.
- Tilstandsrapport vart lagt fram til kommunestyre i Masfjorden i juni, og i Gulen desember 2020. I 2022 er planen å samkøyre dette i begge kommunane.
- Barnevernet får barnevernsvakt frå Alver kommune frå 01.04.22.

8. Omsorg

2021 har vore eit år prega av pandemi, og ekstra arbeid og organisering av tenestene innan omsorg. Einingsleiarane måtte utarbeide planar for vaksinerings, høgt sjukefråvær, smittesporing og rutiner for smittehandtering både blant tilsette og brukarar. Sentrale styresmakter kom med stadig nye retningslinjer alt etter kva fase pandemien har vore i, og kommunen måtte tilpasse våre rutiner i same tak. Andre planlagte oppgåver og prosjekt måtte vente. Einingane har hatt lite smitte både blant brukarar og tilsette. Alle tilsette har tatt ansvar og gjort ein framifrå innsats utover dagleg drift.

Gulen kommune har gjennom heile pandemien hatt ei fast kommunal smitteverngruppe, sett saman av lege, einingsleiarar, helsesjukepleiarar og avdelingsleiarar, som har hatt fast møte kvar torsdag. Fagdirektør omsorg har organisert og leia møta. Fast agenda på møta har vore: status tal smitta, status vaksinerings og ulike aktuelle problemstillingar i kommunen og sonene. Gruppa har fungert svært godt, og deltakarane har kunna tatt opp problemstillingar undervegs og utarbeidd felles retningslinjer og rutinar. Gruppa held fram møta også i 2022.

Gulen kommune vart hausten 2016 formelt ein del av Helse Bergen med Haraldsplass Diakonale Sjukehus som vårt lokalsjukehus. Vi har no fire års erfaring som samarbeidspart. Det vil alltid vere ein del utfordringar i oppstarten av eit nytt samarbeid, men stort sett har det fungert greitt. Fagpersonar frå Gulen er med i ulike nettverk, og vi tek del i overordna utval som til dømes samarbeidsutvalet i Nordhordland. Utvalet er breitt samansett, med representantar frå øvste leiding i Helse Bergen, tillitsvalde, brukarane og ein representant frå kvar kommune. Frå Gulen kommune møter fagdirektør omsorg. Utvalet tek opp og diskuterer overordna strategi for helseføretaket, og kan kome med ulike innspel som vert tatt med vidare. Grunna covid-19 har møta vore digitale.

Gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren

Ressurssenter for omstilling i kommunene (RO) hadde i 2016-2017 oppdraget med å gjennomgå pleie- og omsorgssektoren i Gulen kommune.

Bakgrunnen for gjennomgangen var å redusere kostnadene i høve innsparingskrav i økonomiplanen. Mandatet skisserte tre hovudfokusområde for gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren:

- Innretning av tenestene – struktur og samansetting
- Tenestetildeling, tenestenivå og forvaltningspraksis
- Ressursbruk



Tenestene til menneske med utviklingshemming skulle vurderast særskild, mellom anna ut frå eit ynskje om auka samordning av tenestene til menneske med utviklingshemming og open omsorg. I denne vurderinga skulle det også leggast særleg vekt på funksjon og organisering av dagtilbod og alternativ organisering av den individuelle tenesta.

Parallelt med gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren, vart det utarbeidd ein plan for pleie og omsorg, med særleg vekt på handlingsdelen. Planen vart vedtatt i juni 2016.

Tre område vart prioriterte i samband med oppfølging av planen:

- Sakshandsaming/tenestetildeling: felles kartleggingsteam i alle soner; oppstarta oktober 2016
- Organisering av arbeidstid: ny turnus med langvakter; oppstart 01.05.2017
- "Den nye heimetenesta": oppstart hausten 2017

Status for handlingsplanen pr 31.12.21

Gulen kommune har i 2021 engasjert KS-konsulentane for ein gjennomgang av pleie – og omsorg, og status for handlingsplanen. Det vart arrangert ein workshop i november der status og framtidige utfordringar vart lagt fram og diskuterte. Det er og planlagt vidare arbeid for året 2022.

Felles kartleggingsteam er vorte ei permanent ordning. Alle nye og omfattande søknadar vert vurdert av teamet. Kommunen har god erfaring med denne organiseringa.

Gulen sjukeheim/Eivindvik sone har innført langvakter på helg. Resultatet er mindre vakanse på helg, og reduksjon av ein stilling på GS. Middagstidspunktet er flytta frå kl 13.00 til kl 14.30. Vi har fått til ein meir fleksibel bruk av personalet mellom institusjon og open omsorg i sone Eivindvik.

Som ein del av "Den nye heimetenesta» er arbeidet med å planlegge og innføre velferdsteknologi vorte eit hovudfokus. Arbeidet er organisert gjennom felles prosjekt med ni Nordhordlandskommunar med felles opplæring, «Velferdsteknologiens ABC», og felles temasamlingar. Prosjektet er avslutta i 2021, og vert no ein del av vanleg drift.

I 2021 har det vore i gang eit arbeid saman med KS konsulentar, og det er utarbeidd ein rapport som gjev anbefalingar kring korleis vi skal jobbe med dei demografiutfordringar som møter oss. Det er i den samanheng mellom anna vore gjennomført eit utvida møte med leiarane og fagansvarlege innan sektoren. Dette arbeidet skal vidareførast i 2022.

Pleie og omsorg

Samhandlingsreforma vart innført frå 01.01.2012. Reforma skal vise veg framover, og gje helsetenestene ny retning. Hovudmåla er:

- | | |
|--|--|
| <ul style="list-style-type: none">• Førebygge framfor å reparere• Få ulike ledd i helsetenestene til å jobbe betre saman• Flytte tenestene nærmare der folk bur• Fleire oppgåver til kommunane og pengar til å utføre dei | <ul style="list-style-type: none">• Tidleg innsats framfor sein innsats• Samle spesialiserte fagmiljø som er sterke nok• Betre for pasientane, auka brukarmedverknad |
|--|--|



Gjennomføringa av reforma og oppbygging av helsetilbod i kommunane skal skje over noko tid, og gjev helse-, pleie- og omsorgstenestene nye og spanande utfordringar i åra framover. I samband med reforma er det utarbeidd ny felles lov for helse- og omsorgstenestene i kommunane og ny folkehelselov. Ut frå lovverket pliktar kommunane og sjukehusa å samarbeide, og kvaliteten skal kunne målast betre. Pasientar og brukarar vil få eit tilbod som heng betre saman.

Gulen kommune har greidd dei nye utfordringane rimeleg greitt. Vi ser at talet på liggedøgn i spesialisthelsetenesta vi har betalt for har auka i 2021. I løpet av 2021 har vi betalt for 28 døgn, mot 15 døgn i 2020, 2 døgn i 2019, 0 døgn i 2018 og 2017, 6 døgn i 2016 og 13 døgn i 2015. Auken i liggedøgn for 2021 må sjåast i samanheng med pandemien, og kravet om at kommunen skulle ha ståande ledige «corona-senger». For kommunen vart det oppretta fire senger på rehabiliteringsavdelingen, noko som igjen førte til at totalt sengetal vart redusert. Ingen av sengeplassane vart nytta til pasientar med covid-19.

Nye krav til kommunen set nye krav til kompetanse. Ein kompetanseplan med bakgrunn i nye krav er utarbeidd og politisk vedtatt. Nokre av oppgåvene i samband med reforma ser ut til å kunne løysast best med interkommunalt samarbeid. Gulen kommune har ØDH (Øyeblikkeleg DagHjelp)-plassar i samarbeid med Nordhordland interkommunale legevakt. Ordninga med interkommunal legevakt synest å fungere greitt for alle partar.

Pleie i institusjon

Gulen sjukeheim er delt i tre avdelingar for pleie: langtidsavdelinga med 12 plassar, rehabilitering og avlastning med 8 plassar og dementavdelinga med 8 plassar (ein plass har tidlegare vore nytta til avlastning).

Institusjon					
	2017	2018	2019	2020	2021
Tal utskrivingar totalt	47	31	30	30	34
<i>Utskriving etter langtidsopphald</i>	14	10	8	5	10
- Av desse etter dødsfall	13	9	8	5	10
<i>Utskrivingar etter korttidsopphald</i>	33	18	22	25	24
- Av desse etter dødsfall	1	4	5	2	3
<i>Avlastning</i>	1	0	1	0	1

Grunna covid-19 vart alle kommuane pålagt å opprette eigen corona-avdeling. I Gulen kommune vart det oppretta fire sengeplassar på rehabiliteringsavdelinga. Opprettinga gjorde at institusjonen fekk færre plassar totalt til ordinære sjukeheimspasientar.

Kommunen har nytta dagtilbod som alternativ for demente som bur heime. Tilbodet er no fast to dagar i veka. Tidligare vart det nytta frivillige til transporten til og frå, men no er det fast tilsette som også utfører transporten. Tilbodet har vore høgt prioritert under pandemien, men har i nokre periodar vore stengt.

Nestleiarfunksjon i sona som skal avlaste og vere stedfortredar for leiar fungerer godt. Institusjonen har vore praksisplass for fire lærlingar og fire sjukepleiestudentar. Tre tilsette har gjennomført fagbrev som helsefagarbeidarar, og fem har gjennomført demensomsorgens ABC.

Gulen sjukeheim har vanskar med å rekruttere til sjukepleiarstilling, og har hatt stilling ståande vakant gjennom heile året. Det er òg store utfordringar med vakanse på helg. Grunna



ekstraordinær avtale med KLP som følgje av pandemien har pensjonistar kunna jobbe så mykje dei vil med full løn. Denne ordninga har vore til god hjelp. For fyrste gang måtte institusjonen nytte vikarbyrå for å kunne gjennomføre ferieavviklinga.

Open omsorg

Heimebaserte tenester					
	2017	2018	2019	2020	2021
Tal brukarar i året	106	114	107	118	138

Brekke, Byrknes og Dalsøyra sone, sone BBD, vart i 2013 slått saman til ei sone med felles einingsleiar. Ordninga fungerer etter intensjonen. Sone Eivindvik er ikkje med i samanslåinga. Dei ulike avdelingane (Brekke, Byrknes og Dalsøyra) er om lag like store og brukartalet er også mykje likt. Grunna nedbygging av sjukeheimen, oppretting av corona avdeling og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsetenesta, er det trong for auka kompetanse på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale. Grunna auke av tal brukarar med stort hjelpebehov er det nytta mykje ekstrahjelp på kveld og helg, særskilt på Byrknes. Sona måtte nytte vikarbyrå gjennom heile året for å oppretthalde krav til fagleg forsvarleg kompetanse.

Sone BBD kjøper middag frå lokale leverandørar, og får varm mat levert frå leverandør alle dagar unnateke laurdag. Laurdag lagar dei tilsette graut.

Sone BBD har ambulerande nattevakt stasjonert i Brekke og på Byrknesøy. Erfaring syner at nattevakta vert bunden opp med vedtak på bu- og omsorgssentra, og er lite tilgjengeleg for brukarar ute i sona. Intensjonen bak ambulerande nattevakt er at tenesta skal vere tilgjengeleg for alle som bur i eigen heim.

Kommunale bustader (PU-tenesta)

Ein del av omsorgstenesta er knytt opp til personar med nedsett funksjonsevne. Våren 2019 vart nybygget endeleg ferdigstilt med fire nye bustader, nytt og flott aktivitetssenter og ny kontorfløy felles for PU-tenesta og open omsorg. I løpet av 2021 har ni brukarar fått heildøgsteneste, same talet som for 2020. Vi kjøper heildøgstenester frå private til tre av desse.

Tal på brukarar som har fått eit dagtilbod er seks, tre av desse får dagtilbodet sitt gjennom privat BPA (Brukarstyrt Personleg Assistent). Det har vore to brukarar på avlastning i 2021 (to brukar i 2020), og ein brukar som har fått eit eige dagtilbod i feriar. Tenesta organiserer tilbod både i Brekke, på Byrknes og Dalsøyra.

Kommunen kjøper tenester på dagtid til ein brukar, medan open omsorg organiserer nattevakt omsorgssenter.

Tilsette har delteke på «Velferdsteknologi ABC», og kurs i regi av Vaksenhabiliteringseiniga Helse Førde. Det er og innført nestleiarfunksjon på eininga. Ordninga fungerer godt.

Helsetenestene

2021 vart eit utfordrande år for drifta av dei fleste tenestene i eininga grunna koronasituasjonen og restriksjonar i samband med smittevern. Legetenesta hadde hovudansvaret for arbeidet med testing, isolering, smittesporing og karantene, TISK-strategien. Kommunen kjøpte inn eige telt til



testing som er plassert utanfor Gulen helsesenter. Utekontora var til tider stengde grunna andre prioriterte arbeidsoppgåver. Frå august var tenesta tilbake i tilnærma normal drift.

Legetenesta og helsesjukepleiarane har i løpet av året hatt hovudansvaret for ekstra arbeid grunna pandemien. Desse to yrkesgruppene har måtte prioritere testing, smittesporing og vaksinerings framfor ordinære oppgåver. Som ei fylgje av prioritringa har det vorte ein del etterslep på ordinære oppgåver og ferieavvikling.

Det har vore organisert massevaksinerings på Dalsøyra samfunnshus med god hjelp frå sjukepleiarar frå andre deler av tenesta, og praktisk hjelp frå Røde Kors og frivillige.

Ordninga med eigen einingsleiar fungerer godt, og eininga har faste personalmøte. Eininga omfattar helsestasjon/skulehelseteneste med tre stillingar som helsesjukepleiar. Gulen kommune kjøper 20 % jordmorstilling frå Masfjorden kommune. Gravide frå Gulen reiser til Hosteland for konsultasjon med jordmor.

Kommunen kjøper psykologtenester frå Masfjorden kommune (40 % stilling). Stillinga har vore vakant store delar av året. Det er planlagt å lyse ut 100 % fast stilling, 60 % Gulen og 40 % Masfjorden, med Gulen som vertskommune, i starten på 2022.

Gulen kommune har til saman 100 % stilling som ergoterapeut, fordelt på ein 80 % stilling og ein 20 % stilling.

Fysioterapitenesta er organisert med 70 % st. driftsavtale, og 130 % st. fastløn.

Legetenesta er 100 % kommunal med tre faste stillingar og ein LIS1 (turnuskandidat). Vi har tilsett i alle tre faste stillingane, men den eine har permisjon. I permisjonstida har vi inne vikar som ikkje er LIS1 lege. Legane tek del i vaktturnus i Nordhordland interkommunale legevakt i Knarvik.

Frå april 2013 vart Gulen kommune ein del av Nordhordland interkommunale legevakt, stasjonert i Knarvik. Ordninga gjer at legane i Gulen kommune har vakt på kvardagar frå kl 08.00 til kl 15.30. I resten av tida kjøper Gulen kommune legevakttenester i Knarvik. Ordninga synest å fungere godt for alle partar.

Psykiatritenesta omfattar 3,7 stillingar, mellom anna ei 40 % stilling som vert lønna av statlege prosjektmidlar i fire år. Tenesta har òg støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vere eit lågterskeltilbod i høve til psykisk helse.

Gulen kommune starta opp Frivilligsentral i april 2015. Sentralen har 70 % stilling som dagleg leiar. Satsingsområda er delt opp i tre hovudpunkt:

- Motivere lag og organisasjonar til å halde fokus på folkehelse i sine aktivitetar
- Psykisk helse
- Integrering og inkludering

Koronasituasjonen har sett sitt preg på moglegheita til å stimulere til frivillig innsats og drive førebyggjande arbeid retta mot prioriterte målgrupper gjennom Frivilligsentralen. Kommunen har i 2021 motteke tilskot til arbeidet med å førebygge einsemd og stå for digital opplæring for eldre. Tiltak er m.a. underholdning på eldresentra, treff for heimebuande seniorar og besøke/bruke lokale kulturplassar

NAV (NAV Fensfjorden)

NAV Fensfjorden er eit vertskommunesamarbeid mellom kommunane Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden og Modalen. Masfjorden kommune er vertskommune og NAV-kontoret ligg på



Hosteland i Masfjorden. Det jobbar totalt 16 personar ved kontoret fordelt på 13,8 årsverk og vi yter tenester til innbyggjarane i alle 5 kommunane.

Målet med å etablere ei interkommunal NAV-teneste for deltakarkommunane er å styrkje kompetanse og sikre stabilitet slik at brukarane får tenester med god kvalitet. Vi jobbar med kontinuerleg forbetring og brukar lean-metodikk for å sikre høg kvalitet på tenestene vi leverer.

Prosjekt

NAV Fensfjorden har to prosjekt støtta med midlar frå Statsforvaltaren i Vestland.

- Prosjekt Marknadskontakt i NAV vart tildelt i mars 2019 og løper fram til oktober 2022. Formål er å knytte personar som mottok sosialhjelp opp mot ordinært arbeidsliv. Målgruppa er personar som mottar sosialhjelp som hovudinntekt, flykningar som deltek i introduksjonsprogram, ungdom som sluttar på vidaregåande skule og personar som treng hjelp i overgangen soning i kriminalomsorga og over i arbeid.
- Prosjekt Ansvarleg ungdom vart tildelt i mars 2021. Formål er forebyggjande økonomisk rådgjeving for ungdom for å hindre at dei pådreg seg unødvendig gjeld. Målgruppa er ungdom frå 10. klasse og opp til 25 år. I dette prosjektet skal NAV delta i undervisning på vidaregåande skule, i ungdomsskule eller andre stader der ungdom treffast.

Kompetanseheving

NAV Fensfjorden har teke i bruk veiledningsprogrammet «Alt det eg er». Dette er eit av dei tiltaka som er sett i verk for å få til betre brukarmøter i NAV. I tillegg har vi veiledning for tilsette og støttar vidareutdanning i veiledningsfaget. Vi deltek jamnleg på statsforvaltaren sine nettverkssamlingar der vi kan dele erfaring og gode idear med andre kontor i fylket. Vi har og tilsett som tek vidareutdanning innan økonomisk rådgjeving. I region Nordhordland har vi felles fagsnuttar kvar veke slik at alle tilsette får eit jamt påfyll med kompetanse.

Internasjonal erfaringsutveksling

I haust fekk NAV Fensfjorden besøk frå ein delegasjon på 8 personar frå Estland. Dei var ein del av eit Nordisk baltisk mobilitets program for Offentleg administrasjon. Dei hadde ein dag på besøk på Helsehuset i Knarvik der Alver kommune var vertskap. Hos NAV Fensfjorden fekk dei orientering om ungdomsarbeid i region Nordhordland og korleis vi samarbeider med næringsliv for å sikre læreplass til dei som ynskjer det. Dei fekk omvisning på helseavdelinga til Masfjorden kommune og fekk sjå korleis ein har lokalisert fleire kommunale helsetenester slik dei har gjort i Fensfjordbygg.

Karrieremesse

Saman med Gulen og Masfjorden Utvikling arrangerte NAV Fensfjorden karrieremesse i Sløvåg i midten av november. Mykje optimisme å spore hos dei mange arbeidsgjevarane som stilte opp for å informere ungdom som skal velje utdanning og yrke og arbeidssøkjjarar på jakt etter ny jobb. Det er eit stort behov for arbeidskraft i vår region dei kommande åra og med totalt 19 stands og omlag 150 besøkande kan vi slå fast at karrieremessa vart særers vellukka.

Sikkerheitsarbeid

I NAV er det stort fokus på sikkerheitsarbeid. I dette arbeidet ligg både utforming av lokala våre og korleis vi møter dei som treng hjelp. Dei beste møta er dei som er planlagde. God samhandling med andre instansar er viktig for å gje best mogleg hjelp til dei som treng det.



9. Plan, landbruk og teknisk

Hovudutval for plan, utvikling og klima (HPUK) handsama i meldingsåret 70 saker, og fekk rapport om 270 saker som var delegerte til administrasjonen. Dette er 1 meir politisk sak og 57 fleire delegerte saker enn året før.

Det vart tilsett ny byggjesakshandsamar i mai 2021 som dessverre berre vart i stillinga fram til 31.10.2021. To nye stillingar vart lyst ut før jul, men mangel på kvalifiserte søkarar gjorde at det berre vart utført ei tilsetting med oppstart 01.02.22. Problem med å tiltrekke seg kvalifisert arbeidskraft er eininga si største utfordring. Sjukemeldingar både på plan og byggesak har også ført til utfordringar for saksframgangen mot slutten av året. I fråvær av byggjesakshandsamar har eininga nytta Sweco som ekstern konsulent i sakshandsaminga og har veldig god erfaring med dette.

Det er framleis stor aktivitet i kommunen, både på byggjesak og plansida. Arbeidsmengda er stor, og krava som vert sett til både sakshandsaming og planlegging er stramma inn. Eininga prioriterer å sikre ei sakshandsaming som er i tråd med lovverket og andre føringar kommunen skal forholde seg til. Likebehandling og kvalitet er viktige mål for eininga.

Digitalisering er satsingsområde. Nettsidene er oppdaterte med mål om at innbyggjarane i større grad kan finne fram til informasjon sjølv. Det vert også jobba med å leggje til rette for system som både kan ta imot og handsame søknadar digitalt i samarbeid med dei andre Nordhordlandskommunane, men det gjenstår truleg 1-2 år før dette er på plass.

Planlegging

Kommuneplanar og reguleringsplanar					
	2017	2018	2019	2020	2021
Oppstarta	0	0	2	3	3
Under arbeid	6	2	3	3	3
Fullførte/erstatta	1	4	0	4	1
Planendringar				5	2

Kommunal reguleringsplan for bustadfelt på Ortneset vart vedteken hausten 2020. Asplan Viak var utførande konsulent. Kommunal reguleringsplan for Eivindvik sentrum er starta opp med iVest Consult som utførande konsulentar. Privat

reguleringsplan for gang- og sykkelveg Hovden-Steine har vore på høyring, og det har vorte jobba med planendringar for Mjømna Bubilcamp, Ånnelandsjøen og Nyborg.

Arealplanen vart lagt ut på 2. gongs høyring. Kommunen ventar på merknadar frå Statsforvaltaren for å kunne fortsette arbeidet. Arbeidet med Interkommunal plan for sjøområda i Nordhordland vart starta opp hausten-20 og pågår som planlagt. Eininga har *få* ressursar til å jobbe med overordna planarbeid, og bør jobbe med å betre rutiner og prosessar på plan.

Byggjesaker

Byggjesøknadar					
	2017	2018	2019	2020	2021
Byggjesøknadar	138	116	180	88	41
Dispensasjonssøknadar	30	47	32	34	52
Delingssøknadar	31	35	16	13	30

Det vart handsama ein god del færre byggjesaker i 2021 enn åra før, samstundes som talet dispensasjonssøknadar har gått opp. Det samla talet på søknadar er

berre 12 færre enn i fjor. Dispensasjonssøknadane er vesentleg meir arbeidskrevjande og me må jobbe for å få ned dette talet. Ny arealplan vil hjelpe med det.



Ein god del tid har også i 2021 blitt brukt til opplæring av nyttilsett og eksterne ressursar. Det er også samstundes jobba med å betre og oppdatere rutinar, malar og sjekklister slik at sakshandsaminga og opplæring vert enklare.

Det er ei utfordring at mange søknader ikkje er komplette ved innsending. Dette gjer at sakshandsaminga stoppar opp i påvente av utfyllande informasjon. Me planlegg informasjonsmøte/dialogmøte med næringa for å betre søknadsprosessar og hjelpe til med kompetanseheving.

Utsleppsløyve sanitært avløpsvatn

Spreidde avløp					
	2017	2018	2019	2020	2021
Løyver	10	13	12	15	7

Tabellen viser når sakene vart registrerte i saksarkivet. Påkopling til kommunalt avløpsanlegg er ikkje inkludert i tala.

Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsarbeid					
	2017	2018	2019	2020	2021
Oppmålingsforretning	47	45	28	28	40
Eigarseksjonering	2	1	2	0	3

I 2021 vart det utført 40 oppmålingsforretningar og 3 eigarseksjoneringar. Det er også satt av midlar til eit prosjekt som har

som føremål å få ukartfesta eigedomar inn i kartdelen i matrikkelen.

Landbruksforvaltning

Jordbruk

Produksjonstilskot i jordbruket			Regionale miljømidlar
	Tal søkjarar	Tal mjølkeprodusentar	Tal søkjarar
2021	90	35	32
2020	87	34	34
2019	92	35	27
2018	94	41	31
2017	96	39	31

Jordbruket er ei stor næring i kommunen. Dei siste åra har tal søkjarar om produksjonstilskot vore svakt fallande. Gulen fekk tildelt kr 190 000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar), som vart fordelt mellom 4 søknader.

Retningslinjer for kommunale tilskotsordningar i landbruket vart vedtekne i mai, og det vart utbetalt fire tilskot i samband med generasjonsskifte.

Skogbruk

Hogst: Det er hogge for sal 581 m³; 209 m³ sagtømmer, snittpris pr m³ kr 445, og 369 m³ massevirke, snittpris pr m³ kr 191. Det aller meste som vert hogd er gran. Berre massevirke furu på 24 m³ var anna sortiment.

Kurs/fagdagar: Det vart arrangert skogdag i Midtundalen 5. februar. Tema var rett kapping, tømmerprisar og informasjon frå kommunen. Vidare var det skogdag i Takledalen 27. september i eit felt der sitkagrana kjem godt etter hogst. Tema var stell av ungsog, spesielt sitkagran. Ein orienterte også om planting, tømmerprisar og tilskotsordningar. Skogdagane er i samarbeid med Sogn og Fjordane skogselskap, AT Skog og Gulen skogeigarlag.

Driftstilskot: Det er utbetalt kr. 33 120,- til drift i vanskeleg terreng. Dette året gjeld det skogeigarar som hogg sjølve. Det er ikkje bygt skogsvegar med tilskot i 2021.



Skogkultur/skogskjøtsel: I Gulen er det betalt ut kr 25 828 som tilskot til planting og kr 3 796 som ekstra tilskot for tettare planting. Det er planta 7700 plantar gran på eit areal på 32 da. Det har ikkje vore resultatkontroll og foryngingskontroll i 2021.

Viltforvaltning

Hjortejakta i Gulen kommune				Fallvilt			Utfall			
År	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Meldingar (stk)	Hjort (stk.)	Oter ørn (stk.)	Daud på staden (stk.)	Ettersøk - ikkje funn (stk.)	Friskmeld (stk.)	Avliva (stk.)
2021	1127	1052	93	41	41	0	18	5	3	14
2020	1127	1004	89,1	47	45	2	21	9	1	12
2019	1141	846	74,2	36	34	2	16	7	3	7
2018	906	800	88,3	89	87	2	60	8	1	18
2017	754	704	93,4	18	18	0	10	1	0	7
2016	754	672	89,1	18	18	0	11	1	0	6

Jegerane i Gulen gjer ein framifrå jobb, og også for 2021 vart det ny rekord i uttaket med 1052 dyr. Fellingsprosenten er høg, 93 %. Fallviltregistreringane følgjer jaktåret, som er frå 01.04. til 31.03. Så til 23.03.22 er det meldt inn 41 saker, 6 færre enn året før. Det var ingen endringar i valdstrukturen siste året. Det er 41 aktive vald i kommunen og 26 vald er med i Gulen og Masfjorden bestandsplanområde (GMbpo). 2021 var siste året i bestandsplanperioden - for 2022 må GMbpo lage ny plan.

Veterinærtenester

Gulen administrerer veterinærtenestene for vakt-distrikt Høyanger (Høyanger, Gulen og Masfjorden). 4 veterinærar deler vaktene. Staten dekkjer mesteparten av ordninga.

Brann- og feiarvesen

Gulen kommune samarbeider med Masfjorden kommune om felles brann- og redningsvesen (GMBR). Dei fleste utrykningane var som akutthjelpar (sjukdom). Nærleiksprinsippet har vore avgjerande for å lukkast. Det vart i løpet av året gjennomført fleire øvingar internt i brannvesenet og i samarbeid med andre aktørar. Øvingsstasjonen Berinvest i Sløvåg er tatt i bruk.

Det er samarbeid om feieteneste i kommunane Gulen, Masfjorden, Modalen og Solund. Ordning for feiing av fritidsbustadar vart sett i verk i 2019, og det er tilsaman to feiarar. Det har vore noko opphald i feiing av fritidsbustadar på grunn av Covid-19. Brannførebyggande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannførebyggande avdeling).



10. Eigedomsforvaltning

Vatn, avløp og renovasjon (VAR)

Oversikt vassforbruk			
År	Eivindvik vassverk	Vassforsyning Sløvåg	Ånneland vassverk
	(m ³ pr. år)	(m ³ pr. år)	(m ³ pr. år)
2021	67 770	101 830	20 223
2020	85 523	98 770	22 617
2019	71 697	111 910	
2018	72 625	107 270	
2017	75 762	100 212	

VAR-tenestene er sjølvkosttenester. Abonentane betaler sjølv kostnaden med tenestene gjennom gebyr.

Vassforsyning: Gulen kommune eig anlegga i Eivindvik, Ånneland og Sløvågområdet, medan resten av vassverka i Gulen er private. Pr 31.12.21 står det - kr 1 466 000 (underskot) på sjølvkostfond. Relativt høge investeringar dei siste åra har gitt auka kostnad når det gjeld avskrivningar og kalkulatoriske renter. Ein del av dette biletet er manglande innbetaling av eit stort anleggsbidrag frå næringslivet knytt til utbygginga i Sløvåg. Eigedomsforvaltning har i året starta utgreiing av overtaking av Byrknes vassverk. Arbeid med reduksjon av lekkasjar pågår kontinuerleg med overvaking og retting av feil.

Eivindvik vassverk: Reinseanlegget har fungert utan store feil og manglar. Vassforbruket er her gått ned i 2021.

Vassforsyning Sløvåg: Generelt har det vore lite driftsproblem. Forbruket ligg på eit stabilt nivå som føregåande år.

Ånneland vassverk: Forbruket ligg på eit stabilt nivå som føregåande år. Lekkasjeproblem sommaren 2021 medførte ein del driftsmeldingar til abonnentane på Varsling24.

Avløp: Utfordringar knytt til avløpssystemet på Byrknes. Utsleppleidning frå Barvågen blei knekt, som medførte stor kostnad til utbetring. Ny septik og utsleppsleidning måtte skiftast på Dalsøyra i Lihaug bustadfelt. Pr 31.12.21. var sjølvkostfondet i minus med kr 679 000.

Slamtømming: Kommunen har ansvar for slamtømming for ca. 1100 abonnentar. Det praktiske arbeidet er administrert av NGIR. Kommunen har tilsynsplikt i høve til private slamavskiljarar (*ureiningsforskrifta §§ 12 og 13*).

Renovasjon: NGIR driv denne tenesta for Gulen kommune. Sjølvkostfondet vart redusert med kr 162 000 til kr 580 000 pr 31.12.21.

Bygg

Innan drift og vedlikehald har mellom anna desse større tiltaka blitt utført i 2021:

- Utvendig rehabilitering av kommunale bustadar Brekke
- Maling av fleire kommunale bustadar Eivindvik
- Utskifting av golvbelegg Byrknes skule samt rehabilitering av skulekjøkken Byrknes
- Oppgradering BUA Dalsøyra.
- Skifte av fleire vindauge på kommunale bygg



- Utskifting av gamle elektrotavler i fleire bygg
- Oppussing av leilegheiter bu- og omsorgssentra
- Bruksendra og gjort bygningsmessige tiltak i gamle barnehagen Byrknes som no er kommunal bustad for utleige
- Avhenda gamle Eidsbotn barnehage til Eidsbotn Vel

Den kommunale bygningsmassen og anlegga vert stadig eldre. Av samla bygningsmasse på 24 648 m² er heile 60 % over 30 år og 75 % over 20 år. Revidert eigedomsstrategi blei politisk vedtatt hausten 2019.

Eigedomsforvaltning nyttar forvaltnings-, drift- og vedlikehaldssystemet LAFT for innmelding av driftssaker og for dokumentasjon av internkontroll. I tillegg til drift og vedlikehald av egne uteanlegg utfører eininga slått og vedlikehald på kyrkjegardane og på Flolid i høve til tenesteytingsavtalar med Kyrkjeleg fellesråd og Tusenårsstaden Gulatinget, og tenester for Hjelpemiddelsentralen og omsorgseiningane. Eininga har ansvar for mange arbeidsfelt og eit stort kontaktfelt mot interne brukarar, leigetakarar, kontraktørar, entreprenørar, eksterne tilsyn og innbygarane i kommunen.

Vegar, kaier og uteanlegg

Gulen kommune har 135,8 km kommunale vegar. Både sommarvedlikehald og brøyting vert i hovudsak utført av private kontraktørar og entreprenørar. Grusvegstrekingar Midtbø på Ånneland, Randal, Randalssjøen, Vassvik mot Li 1,2 km og veg Klauneset vart asfaltert i 2021. Fleire vegtiltak er utført med stikkrenne og grøfter. Trafikktryggingstiltak/fortau på Dalsøyra og på Byrknes blei ferdigstilt i starten av året. Trafikktryggingstiltak gang- og sykkelveg Byrknes skule til Slåttevikvegen vart oppstarta i slutten av året. Det er framleis nesten 30 km med grusvegar, noko nedslitne asfaltvegar, manglande autovern og generelt fleire oppgraderingsbehov på kommunale vegar.

Kommunen har vedlikehaldsetterslep på kommunale bruer og kommunale kaier. Tilstandsrapportar blir utarbeidd på desse områda kvart år. Renovering av Grima kai, prestekaia Mjømna og Klauneset kai blei utført i 2021. Kommunale kaier blei redusert frå 18 til 12 stk i kommunestyrevedtak.

Utbyggingsprosjekt og andre investeringar

I 2021 har fleire investeringsprosjekt blitt starta/ferdigstilt:

- Ny ambulanse og brannstasjon Dalsøyra utlyst og tildelt entreprenør
- Nye sjøleidningar vatn Eivindvik prosjektert og tildelt entreprenør
- Utvendig solavskjerming Gulen sjukeheim
- Prosjektering av avløpsanering Lundalsvik, Byrknes
- Ny ventilasjon Gulen sjukeheim 1959-fløy utlyst og tildelt entreprenør
- Ny heis Gulen sjukeheim utlyst og tildelt entreprenør
- Prosjektert, tildelt og starta gjennomføringsfase på montering av TV og internett bu- og omsorgssenter
- Fleire investeringstiltak på brannverntiltak for å redusere avvik på kommunale bygg
- Montert nytt ventilasjonsanlegg 1986-fløy Gulen sjukeheim

